



BU- OG INTEGRERINGSPLAN FOR ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

Oktober 2020

Innhald

1	Innleiing og bakgrunn	2
1.2	Mandat	2
1.3	Forankring i lovverk og forskrifter	3
1.4	Definisjonar	3
1.5	Avgrensingar.....	5
2	Status for kommunen sitt busettingsarbeid og framtidig busetting	6
2.1	Status for kommunen sitt busettingsarbeid.....	6
2.2	Organisering av integreringsarbeidet nasjonalt og lokalt	10
2.3	Framtidig busetting	11
2.3.1	MÅL.....	11
3	Bustad for flyktningar	12
3.1	MÅL.....	15
4	Skule, barnehage og fritidstilbod for barn og unge.....	15
4.1	Skule og barnehage	15
4.1.1	MÅL.....	18
4.2	Fritidstilbod for barn og unge.....	18
4.2.1	MÅL.....	19
5	Utdanning og kvalifisering	20
5.1	MÅL:	22
6	Arbeid og inntektssikring.....	22
6.1	MÅL:	26
7	Helse	26
7.1	MÅL.....	29
8	Møteplassar og fritidsaktivitetar	30
8.1	MÅL.....	33
9	Informasjon og haldningsskapande arbeid	33
9.1	MÅL.....	35
	Kjelder	36

1 Innleiing og bakgrunn

Øystre Slidre kommune har busett flyktningar over fleire år. Kommunen har også mange arbeidsinnvandrarar. Det har ikkje vore utarbeida noko planverktøy for busetting og integrering tidlegare.

I planstrategidokumentet for 2020-2023, vedteke i kommunestyret i sak 06/20, er det bestemt at kommunestyret skal handsame ein plan for busetting og integrering i løpet av 2020. Temaplanen for busetting og integrering vil vera eit verktøy i arbeidet med å integrere flyktningar, slik at dei får god opplæring og moglegheit for yrkesdeltaking, inntektssikring og deltaking i det sivile samfunnet. Det er kommunen som har ansvar for å leggje til rette for busetnad og integrering. Planen vil også bidra til å styrke inkluderinga av arbeidsinnvandrarar.

Som ei delplan under helse- og omsorgsplanen skal det lagast ein bustadsosial handlingsplan. Det vil vera naturleg å sjå resultatet av denne planen i samheng med busettings- og integreringsplanen.

Kommunestyret har oppretta kommunestyrekomitear og temaplanen for busetting og integrering skal handsamast av kommunestyrekomiteén for helse og omsorg.

1.2 Mandat

Rådmannen set ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal utarbeide utkast til plan for busetting- og integrering. Arbeidsgruppa skal lage underlaget for handsaming av saka i kommunestyrekomiteen. Det er kommunestyrekomiteen som tilrår planen for kommunestyret. Rådmann ber om at følgjande tema blir omtalt i planen:

1. Status for kommunen sitt busettingsarbeid, inkl. omtale av korleis integreringsarbeidet er organisert nasjonalt og lokalt
2. Bustad for flyktningar – frå leige til eige.
3. Skule, barnehage og fritidstilbod for barn og unge
4. Utdanning og kvalifisering
5. Arbeid og inntektssikring
6. Helse
7. Møteplassar og fritidsaktivitetar
8. Informasjon og haldningsskapande arbeid

Astrid Rogne skriv planutkast og får bistand frå arbeidsgruppa undervegs i arbeidet.

Arbeidsgruppa har følgjande samansetting:

Rolf Stalenget (leiar)

Astrid Rogne (sekretær)

Tina Rosen

Jan Berg

Følgjande personar vert trekt inn under følgjande tema i arbeidet:

Liv Vingdal - møteplassar og fritidsaktivitetar

Knut Sigbjørn Lien – helse

Ellen Petrine Fretheim og Steinar Nybråten/tildelingskontoret – bustad for flyktningar – frå leige til eige.

Kommunalsjef opplæring og kultur skal legge fram sine forslag og vurderingar til kommunestyrekomiteen, med kopi til rådmann. Det administrative arbeidet skal vera ferdig innan 1.oktober 2020, slik at planen kan takast til politisk handsaming i kommunestyret etter det.

1.3 Forankring i lovverk og forskrifter

Arbeidet med busetting og integrering av nyankomne innvandrarak er heimla i forskjellige lovverk.

- *Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere*
- *Lov om behandling av personopplysninger (personopplysningsloven)*
- *Forvaltningsloven*
- *Sosialtjenesteloven*
- *Arkivloven*
- *Opplæringsloven*
- *Rundskriv til lov om introduksjonsordningen – G01/2016*
- *Rundskriv om alternativ mottaksplassering*
- *Forskrift om fravær og permisjon ved nyankomne innvandreres deltakelse i introduksjonsordning*
- *Forskrift om opplæring i norsk og samfunnskunnskap for nyankomne innvandrere*
- *Forskrift om behandling av personopplysninger etter introduksjonsloven*
- *Forskrift om nasjonalt introduksjonsregister*

1.4 Definisjonar

Asylsøkar

Det er ein person som på eige hand kjem til eit anna land og som normalt søker om asyl anten med ein gong eller kort tid etter at han/ho er komen til landet. Retten til å søke asyl er nedfelt i artikkel 14 av Verdserklæringa om menneskerettigheitene der det står at «enhver her rett til i andre land å søke og ta imot beskyttelse mot forfølgelse». Personen blir omtala som asylsøkar fram til søknad om asyl er avgjort.

Flyktning

Ein flyktning er ein person som har fått politisk asyl, er overføringsflyktning eller fått opphald på humanitært grunnlag eller er familiesameinte med desse. Denne personen har vore nøydd til å flykta på grunn av fare for sitt eige liv og helse. Dette kan vera av årsaker som religiøs tru, etnisk tilhøyrighet, politiske meiningar eller liknande.

Asyl

Beskyttelse (asyl) betyr å få opphaldsløyve som flyktning i Norge. I Norge blir det gjeve asyl til personar som blir definert som flyktningar etter Flyktningkonvensjonen av 1951 og dei som står i fare for å bli utsett for dødsstraff, tortur eller annan umenneskeleg eller nedverdiggande behandling/straff ved retur til heimlandet.

Asylmottak

Dette er eit tilbod frå staten om bustad for asylsøkarar til dei får behandla asylsøknaden sin. Etter positivt vedtak om asyl, er det vanleg at dei blir buande endå ei periode i mottak før dei får busetting i ei kommune.

Alternativ mottaksplass

Alternativ mottaksplass betyr å bu og få oppfølging av ei kommune i staden for å vera på eit asylmottak inntil asylsøknaden er behandla. Dersom ein person har nær familie busett i ei kommune eller har behov for tilpassingar som det ikkje går an å få i eit ordinært asylmottak, kan ein søke om alternativ mottaksplass.

Einsleg mindreårig asylsøkar (EMA)

Dette er ein asylsøkar uner 18 år som kjem til landet utan foreldre eller andre omsorgspersonar.

Busetjing i kommune

Det er kommunestyret som bestemmer om dei vil ta imot nye innbyggjarar etter at det har kome oppmoding frå IMDI. Tilbod om ei busetjingskommune blir gjeve til asylsøkarar som har fått status som flyktning. Det blir berre gjeve eitt tilbod om busetjingskommune.

Innvandrar

Ein innvandrar er ein person som er fødd i utlandet av to utanlandsfødde foreldre, og busett i Norge. Begrepet blir også brukt om norskfødde personar som har innvandrarforeldre, dvs. foreldre fødd i utlandet.

Familieinnvandring/familiesameinte

Dette er eit familiemedlem i utlandet som etter søknad får koma til Norge for å bu saman med eit familiemedlem som allereie bur i Norge. For å få medhald i søknaden vert det stilt krav både til familiemedlemene som søker og til den personen i Norge som det vert søkt familiesameining med.

Arbeidsinnvandring

Arbeidsinnvandring er innvandring som er knytt til eit arbeidsforhold. Arbeidsinnvandring omhandlar i vid forstand at utlendingar kjem til eit land for å jobbe og bu der i kortare eller lengre tid.

Integrering

Integrering er inkludering av individ eller av grupper (som minoritetar) på like vilkår i samfunnet, i ein organisasjon eller ulike samfunnsområder (t.d. utdanningssystem, arbeidsliv eller bustadmarknad).

Segregering

Segregering betyr å skilja enkelte menneskegrupper vekk frå andre innan same samfunn. Segregering er det motsette av integrering.

Overføringsflyktning

Ein person som kjem til Norge etter avtale med FN sin høgkommisær for flyktningar (UNHCR). Stortinget fastset ei kvote for kor mange overføringsflyktningar Norge skal ta imot og dette blir bestemt for tre år om gongen. Overføringsflyktningar blir busett direkte i ei kommune som har vedtak om å busetja flyktningar og inngår i kvota på antal flyktningar kommunen skal busetja.

Permanent opphaldsløyve

Dette gjer rett til varig opphald og arbeid i Norge. Det er reglar for kor lenge ein må ha opphalde seg samanhengande i Norge for å få permanent opphaldsløyve.

Migrasjon

Migrasjon kjem frå latin og betyr vandring. Migrasjon er eit uttrykk for når menneske flytter på seg både innanfor og over landegrensar. Ofte blir begrepa migrasjon og innvandring brukt om kvarandre, men migrasjon betyr i større grad at flyttinga i verkelegheita er ein meir dynamisk prosess. Migrasjon kan vera både frivillig og tvungen, lovleg og ulovleg. Menneske som innvandrar, har også utvandra. Ein som deltek i migrasjon blir kalla migrant.

Migrasjonshelse

Migrasjonshelse er eit fagfelt som omfattar utdanning, forskning og praksis på forholdet mellom migrasjon og helse. Fagfeltet handlar om kunnskap om korleis migrasjonsprosessar og migrantbakgrunn kan påverke helsetilstand og førekomst av sjukdom, og tilgang til og kvalitet på helsetenester.


1.5 Avgrensingar

Denne planen tek for seg bu og integrering, primært for nyankomne flyktningar og barna deira og som er omfatta av ordningane i introduksjonslova. I tillegg vil planen kunne bidra til å styrke inkluderinga av andre innvandrarar.

2 Status for kommunen sitt busettingsarbeid og framtidig busetting

2.1 Status for kommunen sitt busettingsarbeid

Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre i Øystre Slidre pr. 09.03.2020





Kjelde: SSB |

Øystre Slidre har relativt mange innvandrere. Som diagrammet syner, har Øystre Slidre 407 innbyggjarar pr. 09.03.2020 som anten kom hit som innvandrere eller er norskfødde med innvandrarforeldre. Dette utgjer ca 13 % av total befolkning i kommunen. Den største andelen er arbeidsinnvandrere. Dei fleste arbeidsinnvandrane er frå Litauen. Dei fyrste flyktningane Øystre Slidre tok i mot på 1980- talet var frå Chile. Diagrammet syner at det framleis bur 24 personar her som har sitt opphav frå Chile. Dei seinare åra har kommunen teke i mot flyktningar frå Eritrea og Syria. Pr. 09.03.2020 bur det 17 personar i kommunen som har sitt opphav frå Eritrea og 47 frå Syria.

I 2015 vart det eit vendepunkt for antal flyktningar som kom til landet, også for Øystre Slidre. Kommunen hadde låge busettingstal før 2015. Øystre Slidre kommune busette 17 einslege vaksne flyktningar i 2015. I 2016 vart det busett 21 personar. Av desse var det 10 barn – alle gjennom familiesameining. I 2017 vart det busett 9 personar – av desse ein familie på 7 som overføringsflyktningar. I 2018 busette vi ein person og i 2019 2 personar. For 2020 er det kommunestyrevedtak på at vi skal busetja 10 personar.

Diagramma nedanfor syner status på dei flyktningane som framleis bur i Øystre Slidre kommune etter at dei vart busett i kommunen. Diagramma hentar opplysningar frå 2001 til i dag og inneheld informasjon om antal barn, om foreldra er i arbeid, under utdanning osv. I tillegg går det fram korleis inntektssikringa er.





Tilfredsstillande butilhøve og økonomi, tilgang til arbeid, språkkompetanse, sosiale nettverk og følelsen av å ha eit meningsfylt liv, er avgjerande for god integrering og inkludering. For at innvandrarakar skal koma i arbeid og bidra til fellesskapet, er det avgjerande at dei raskt etablerar seg og finn seg til rette i eit nytt lokalsamfunn. Dette er viktig både for samfunnet og den enkelte. Øystre Slidre kommune har ikkje hatt sjølvbusette flyktningar, men har busett etter avtale med IMDI. Alle har vore avhengig av økonomisk bistand når dei kom til kommunen, og då er det ikkje opning for sjølvbusetjing.

Flyktningane bur mellom Rogne og Beitostølen.

Det har til tider vore særskild utfordrande å skaffe nok bustader for flyktningar då desse bør vera plassert i nærleik av offentlege kommunikasjonsmiddel og butikk. I 2015 og 2016 måtte vi ut på den private marknaden for å leige inn bustadar for framleige i tillegg til dei kommunale bustadane vi har. For 2020 har vi nok av bustadar å tilby dei nye vi skal busetja.

Kommunen tilbyr barnehageplassar frå barnet fyller 1 år slik at foreldra kan starte på introduksjonsprogram så raskt som mogeleg. Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Dersom kommunen kan skaffe lærar eller assistent i morsmåloppplæring, har flyktningbarna krav på å få det til dei meistarar norsk.

Integreringskonsulentar arbeidar på tvers av sektorar for å få til gode løysingar og opplegg som kan bidra til ei god integrering av flyktningane. Sidan 2016 har vi hatt frivillige fadrar som har vore viktige i integreringsarbeidet. Frivillige lag, foreiningar og idrettslag er viktige for integrering og fritidsaktivitetar. Også her spelar fadrane ei viktig rolle. Dei inviterer flyktningane med i organisasjonslivet og på aktivitetar som turar, trening, aktivitetsdagar, dugnadar og liknande.

Statistikk frå NAV viser at det kan vere utfordringar i samband med overgang til arbeid etter avslutta introduksjonsprogram. Norskopplæring i kombinasjon med arbeidspraksis er viktig tiltak i introduksjonsprogrammet for kvalifisering til arbeid. Det må arbeidast kontinuerleg med å skaffe språk- og arbeidspraksisplassar. Det er ei utfordring å skaffe slike plassar til alle deltakarane i introduksjonsprogrammet, i konkurranse med andre som også treng dette. Kommunen bør stille praksisplassar til disposisjon.

Stortingsmelding nr 30 (2015-2016) «**Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk**» framhevar bl.a. desse kjenneteikna på gode busettingskommunar:

- God forankring hjå politisk og administrativ leiing
- Har plan for inkluderings- og integreringsarbeid
- Arbeider systematisk med å skaffe bustadar (private utleigarar, kommunale bustader permanent eller som gjennomgangsbustad, tildeling av kommunal bustad til personar som ikkje klarer å kjøpe eigen bustad og satsing på tidleg opplæring om å gå frå å leige til å eige eigen bustad)
- Har fokus på tiltak som fører til rask overgang til arbeid eller utdanning for deltakarar i introduksjonsprogrammet
- Frivillig sektor er sterkt involvert i busetjing av flyktningar
- Innvandrartenesta er ei strategisk viktig næring for kommunen når det gjeld ambisjonen om å auke folketale og som arbeidsplass
- Forankring av busettings- og integreringsarbeidet i kommuneplanen sin samfunnsdel
- Har mål om at minst 70 prosent av introduksjonsdeltakarane skal gå over til utdanning eller arbeid etter fullført introduksjonsprogram
- Mål om at resultatane frå norskopplæringa skal ligge over landsgjennomsnittet
- Kvalifiseringsstrategien har eitt arbeidsretta introduksjonsløp og eitt utdanningsretta introduksjonsløp

Kunnskapsdepartementet har lagt fram integreringsstrategidokumentet «**Integrering gjennom kunnskap**». Strategien gjeld for perioda 2019-2022. Målsetjinga med strategien er å få til auka deltaking i arbeids- og samfunnsliv, gjennom ein samordna og heilheitleg innsats. Regjeringa sitt mål er ein berekraftig innvandrings- og integreringspolitikk. Hovudutfordringane er for låg sysselsetting blant innvandrarar, kompetansegap og utanforskap innanfor både økonomiske, sosiale og kulturelle skillelinjer. Integreringsstrategien har fire innsatsområder: **Utdanning og kvalifisering, Arbeid, Kvardagsintegrering, Retten til å leva eit fritt liv.**

I **PROBA samfunnsanalyse, rapport 2019-03 «Hvordan måle integrering?»** blir begrepet integrering definert innanfor fem dimensjonar:

- **Integreringskapasitet** - kognitive ferdigheiter som utdanning, kvalifisering og norskkunnskapar
- **Økonomisk integrering** - den økonomiske integreringa av innvandrarbefolkninga i det norske samfunnet; deltaking i arbeidslivet, sjølforsørging og busituasjon
- **Politisk integrering** - forhold knytt til det norske demokratiske systemet – deltaking, representasjon og tillit
- **Sosial integrering** - deltaking i lokalsamfunn, sosiale band mellom majoritet og minoritet, samt antisosial åtferd – kriminelle handlingar som strid mot samfunnets normer og regler
- **Opplevd integrering** - korleis innvandrarar sjølv opplever det å bu og å leve i Norge - tilknytning til landet, likebehandling og majoritetsbefolkninga sine haldningar til innvandrarar.

Kva har Øystre Slidre fått til:

Ein av flyktningane har fått fast heiltidsjobb i kommunen. Dei fleste er i deltidsarbeid og dei som treng det får supplerande stønad til livsopphald frå Nav. Øystre Slidre var med i prosjektet «Helsespringbrett» som var eit samarbeid mellom kommunen og Karriere Oppland. Gjennom dette fekk alle i prosjektet jobb i kommunen. 4 flyktningar har etablert si eige bedrift. Kommunen har hatt 2 personar på alternativ mottaksplass. Desse er no permanent busette som familiesameinte .

Kommunen har etablert fadderordning, gjennomført grendemøter, gjennomført innbyggjarmøte om kommunen sitt flyktingarbeid, gjennomført «bli kjent kveld» kommune- flyktingane – lag og organisasjonar deltok, etablert språk/arbeidspraksisplassar – private og kommunale og det er tett oppfølging av den enkelte busette frå kommunen si side. Det er etablert språkkafè. Utstyrssentralen, som er eit samarbeidstiltak mellom Arbeid og aktivitet (Skogprodukt) og Frivilligsentralen, tilbyr lån av utstyr til varierte aktivitetar både sumar og vinter. Dette tiltaket har mange av våre nye innbyggjarar gjort seg nytte av. Her kan skular/barnehagar, lag og organisasjonar, familiar og enkeltpersonar kan låne sports- og friluftsutstyr gratis.

2.2 Organisering av integreringsarbeidet nasjonalt og lokalt

IMDI

IMDI har ansvar for busetjing av personar med innvilga opphald i Norge. IMDI oppmodar kvart år kommunane om å busetje eit visst antal flyktingar. Basert på denne oppmodinga fattar kommunane vedtak om kor mange flyktingar dei ynskjer å busetja. Deretter tildelar IMDI ei busetjingskommune til flyktingar som har behov for offentleg hjelp til busetjing. Flyktingane får berre eitt tilbod om busettingskommune.

Kommunen

Kommunen må i tillegg til å skaffe bustad, oppfylle krava i forhold til introduksjonslova. Flyktingane har rettigheter etter denne lova. M.a. har kommunen plikt til å tilby introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Flyktingane har rett og plikt til å delta i ordningane etter denne lova og dei har rett på introduksjonsstønad. Tenesteapparatet i kommunen må tilpassast både med rett kompetanse og rett ressurs. Kommunen mottok integreringstilskot i 5 år for kvar busett flykting og tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap over ei periode på inntil 3 år. Det er også eingongstilskot for barn i barnehage og eldretilskot (for personar over 60 år). Kommunen kan søke om særskilt tilskot ved busetjing av personar med funksjonsnedsetjing. I tillegg kan det søkast om tilskot til ymse prosjekt.

Frå 01.01.16 vart det tilsett integreringskonsulent i 100% stilling i Øystre Slidre kommune. Pr. 01.05.20 har flyktingtenesta i alt 3,4 årsverk: lærar i 100% stilling, rådgjevar i 80% stilling, rådgjevar i 60% stilling og Integreringskonsulent i 100% stilling. Frå mai 2020 står Øystre Slidre kommune sjøl for alt kvalifiseringsarbeid med flyktingane, inkludert introduksjonsprogrammet. Det er budsjettert med 4 årsverk i 2020. Flyktingtenesta er direkte underlagt kommunalsjef for opplæring og kultur.

Fylkeskommunen

Fylkeskommunen har no overteke oppgåver frå IMDI innanfor integrering. Målet er å få fleire innvandrar til å delta i arbeidslivet og samfunnslivet på lik linje med andre innbyggjarar. Fylkeskommunen skal bl.a. følge opp kommunane sitt integreringsarbeid. Dette betyr også å auke kompetansa i kommunane når det gjeld kvalifisering av flyktingar til jobb, skule og samfunnsliv, men også spørsmål omkring negativ sosial kontroll. Det er også fylkeskommunen som no skal koma med tilrådingar om kor mange flyktingar som skal busetjast i kvar enkelt kommune, men det er IMDI sentral som tek avgjersla.

Andre oppgåver som fylkeskommunen har overteke er å følge opp arbeidet med frivilligheit og samfunnsdeltaking. Deltaking i frivillig arbeid er ein viktig del av integreringa. Fylkeskommunane har fått utvida ansvar for forsterka grunnopplæring til ungdom som manglar dette, slik at fleire får reell

moglegheit for å gjennomføre vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen har fått ansvar for tilskotsordninga «Jobbsjansen del B» - meir grunnskuleopplæring for innvandrarungdom. Eit tiltak her er kombinasjonsklasser der elevane får meir grunnskuleopplæring, samtidig som dei får kjennskap til og kan forberede seg til kva som forventast i vidaregåande skule.

2.3 Framtidig busetting

Øystre Slidre kommune er ei lita kommune i høve busetting. Storleiken på kommunen utgjer nokre føresetnadar for busetting som bør takast omsyn til.

Kommunen har meldt inn informasjon til IMDI om aktuelle bustadar som kommunen rår over til busetting. Bustadmoglegheiter vil i nokon grad vera styrande for kva slags flyktningar vi får tildelt. Bustadane er i utgangspunktet eigna for småbarnsfamiliar.

Kommunen har eit aktivt næringsliv, der reiselivet står sterkt. Reiselivet blir sett på som veileigna som sysselsettingsarena, men storleiken på arbeidsmarknaden har likevel begrensningar for kor mange det er mogleg å få sysselsatt.

I dei seinare åra har kommunen teke i mot flyktningar frå Syria og Eritrea. Det kan vera grunnar til å ynskje å busette også framtidige flyktningar frå dei same landa som tidlegare. Kommunen sin kompetanse på kultur og bakgrunn til flyktingane er ein faktor som kan bidra til å lykkast også med framtidig busetting.

2.3.1 MÅL

I Øystre Slidre skal alle innbyggjarar kunne føle tilhøyrighet til eit samfunn prega av mangfald. Alle innvandrarar skal vera integrert og ein naturleg del av Øystre Slidre samfunnet. Innvandrane skal ha høg sysselsetjing og deltaking på dei same arenaer og premissar som dei andre innbyggjarane. Frivillige organisasjonar skal nyttast i arbeidet med å gje innvandrane tilhøyrighet i lokalmiljøet.

3 Bustad for flyktningar

Bustaden er viktig for ein stabil tilknytning til arbeidslivet, for å ta utdanning, for å ivareta eit sosialt nettverk, for å delta i lokaldemokratiet og for god helse.

Kommunar som buset flyktningar etter avtale med IMDI har eit ansvar for å skaffe den fyrste bustaden. Ein flyktning som får innvilga familiesameining må dokumentere eigna bustad for heile familien, før innreiseløyve blir gjeve.

Bustadpolitikken er eit viktig ledd i regjeringa sin politikk for meir rettferdig fordeling og i kampen mot fattigdom. Eit av regjeringa sine mål for inkludering er at innvandrara skal ha trygge butilhøve og like moglegheiter på bustadmarknaden som befolkninga generelt. (St.meld.nr 6, 2012-2013- «En helhetlig integreringspolitikk»). I Integreringsstrategien for 2019-2022, framhevar regjeringa at det er viktig å eige sin eigen bustad og regjeringa vil prioritere tiltak som kan bidra til at fleire kan gå frå å leige til å eige.

Deltakarar som mottek introduksjonsstønad kan søke om bustøtte frå Husbanken. Husbanken har fleire ordningar for å bidra til at kommunane kan handtera utfordringane med å skaffe bustadar for flyktningar. Dette er i tråd med nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid (2014-2020): «**Bolig for velferd**».

Strategien «Bolig for velferd» skal samle og målrette den offentlege innsatsen i forhold til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Ei hovudmålsetjing i strategien er at alle skal ha ein god stad å bu. Delmålsetjingar er at vanskelegstilte skal få rettleiing om den private leiemarknaden og hjelp til å kjøpe bustad der det er potensiale for det. Utleigebustadar skal vera av god kvalitet og i godt bumiljø og det skal utviklast eit variert tilbod av *eigna* bustadar i kommunane.

Vanskelegstilte på boligmarkedet er i fylgje strategien «Bolig for velferd» personar og familiar som ikkje har moglegheit til å skaffe seg og /eller klarar å halde på eit tilfredsstillande butilhøve på eige hand. «Dei vanskelegstilte» finst i fylgje strategien i ein eller fleire av fylgjande situasjonar: Er utan eigen bustad, står i fare for å miste bustaden sin og/eller bur i ueigna bustad eller bumiljø. Kommunane har hovudansvaret for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden og staten skal bidra med gode rammevilkår og kunnskap. Våre flyktningar er i kategorien vanskelegstilte.

Fleire kommunar har laga eigne leige-til eige ordningar for å hjelpe vanskelegstilte over i sjøleigd bustad. Leigetakaren får ein opsjon på å kjøpe bustaden etter ei periode, til den verdien bustaden hadde då avtala vart inngått. « **Veviseren** » er det viktigaste tiltaket under den nasjonale strategien Bolig for Velferd (2014-2020). «Veviseren» beskriv prosessane m.a. for «Leige til eige for vanskelegstilte».

«Eie først» er eit anna satsingsområde for barnefamiliar som blir omtala i «Veviseren». Ordninga er basert på startlån og tilskot. I resultatrapporten for 2018 for «Bolig for velferd» om startlån, er eit resultatmål at «minst 50% av alle startlån skal gå til barnefamiliar».

Øystre Slidre kommune har dekkja behova for bustadar til flyktningar ved å nytte eksisterande kommunale bustadar og ved å leige inn frå private for framleige. Kommunen har etter kvart avvikla ein del leigeforhold hjå private. Vi har langtidsleigekontrakt på gamle Coopbygget i Skammestein der det er 4 leilegheiter.

Burettleiing er ei viktig oppgåve for flyktingtenesta og tek mykje tid, særleg i starten av busetjinga. Burettleiing inngår også i det obligatoriske introduksjonsprogrammet. I Øystre Slidre kommune er det flyktingtenesta i samarbeid med teknisk drift som tek det praktiske ansvaret for å skaffe nok og eigna bustadar. Arbeidet med husleigekontraktar har den seinare tida vore lagt til stab. Det oppstår ofte behov av forskjellig art for å flytte frå den fyrste bustaden flyktingane har fått tildelt. Flyktingtenesta brukar forholdsvis mykje ressursar på å hjelpe til med å finne eigna bustadar. Teknisk drift tek seg av vedlikehaldet på dei kommunale bustadane.

Slik situasjonen er no, har kommunen nok bustadar å tilby dei nye flyktingane vi skal busetja i 2020. I dei 4 leilegheitene i Coopbygget i Skammestein er det plass til i alt 9 personar og vi har også moglegheit for å nytte leilegheitene i bankbygget og det raude huset på Furustrand. Mange av dei bustadane kommunen rår over har potensiale for vedlikehald og er ikkje alltid eigna for våre flyktingar. Spesielt for barnefamiliane er det ei utfordring å skaffe eigna bustad. Den private leigemarknaden i Øystre Slidre er ikkje optimal sett i forhold til kvar dei finst, storleik og standard. Manglande førarkort og bil, er også ei utfordring i forhold til å finne eigna bustadar. For ein barnefamilie blir husleiga ofte så høg i den private leigemarknaden at dei i staden burde fått hjelp til å kjøpe sin eigen bustad gjennom bustadsosiale virkemiddel. Dei fleste av flyktingane har berre deltidsstillingar etter avslutta introduksjonsprogram og økonomien bestemmer difor ofte nivået på standard og størrelse på bustaden.

Helse- og omsorgsplanen til Øystre Slidre kommune skal reviderast i løpet av 2020/2021 og det skal lagast ein bustadsosial handlingsplan som ein delplan under denne. Oppstart av revidering av helse- og omsorgsplanen er planlagt til tidleg i 2021. Eit godt bustadsosialt arbeid får positive konsekvensar for måloppnåing innan arbeid, helse, utdanning og integrering. Det vil vera naturleg å sjå resultatet av den bustadsosiale handlingsplanen i samanheng med busettings- og integreringsplanen. Det er viktig at det i den bustadsosiale handlingsplanen blir teke omsyn til mobilitet og økonomi. Ei differensiering av bustadar er også viktig då det ikkje er mogleg på førehand å veta om det er einslige eller familiar som kjem. Behovet for type bustad endrar seg også over tid. Dette er faktorar som vil medverke til at flyktingane blir buande i kommunen.

«Veiviseren - Leie til eie for vanskeligstilte»

Sidan mange ikkje kan møte dagens krav til eigenkapital (15% av kjøpesummen) – og fordi det for mange grupper er svært vanskeleg å etablere seg med eigen bustad i dagens bustadmarknad, har fleire kommunar innført ordningar etter «leige til eige» prinsippet.

Frå leige til eige er ein modell som gjer moglegheiter for å auke eigaretableringar blant husstandar som har eit eigarpotensiale på lengre sikt. Modellen er i korte trekk slik at kommunen kan kjøpe/ bygge/skaffe ein hensiktsmessig bustad til personar/familiar som treng ein stabil busituasjon. Nokon kommunar tilbyr sal av den kommunale bustaden som husstanden leiger eller tilbyr andre kommunale bustadar. Ei kontrakt - «leige til leige», blir inngått for ei leigeperiode på tre til fem år, og deretter får dei kjøpe bustaden til prisen i år null. Husleige tilsvarar normalt kommunen sine utgifter til den konkrete bustaden. Kjøp av bustaden innan 5 år blir finansiert ved hjelp av oppspara eigenkapital, startlån eller lån i ordinær bank og eventuelt tilskot til etablering. Husstanden skal i løpet av dei fem åra utnytte sitt sparepotensiale, slik at dei i år fem har spara opp så mykje eigenkapital som dei klarar.

Leige til eige, eller leige før eige, er eit virkemiddel som legg til rette for at husstandar som er i målgruppa for startlansordninga, men som ikkje oppfyller krav til betjeningsevne i dag, skal sikrast ein stabil bustad med moglegheit for å kjøpe bustaden på sikt.

Målgruppe er:

- Husstandar som leiger bustad og har dokumentert evne til å betale husleige.
- Husstandar som i dag ikkje kvalifiserar til Startlån.
- Husstandar med ein stabil låg inntekt, eksempelvis i form av uførepensjon, og eit eigarpotensiale på sikt.
- Husstandar som har potensiale til å opparbeide seg ein eigenkapital som kan danne grunnlag for startlån eller eventuelt ordinært lån i løpet av ei periode på inntil 5 år.

Fordelar for husstanden :

- Veit kva kjøpesummen vil bli ved utløpet av leigeperioda.
- Motivasjon aukar for god ivaretaking av bustaden i leigeperioda
- Husleige kan setjast av til dekke utgiftene ved bustaden. Lågare leige gjer moglegheiter for sparing.
- Oppsparte midlar reduserar behov for finansiering på kjøpstidspunktet, og betyr ein buffer som reduserar framtidig risiko for tap.
- Avtala betyr låg risiko for husstanden, som kan takke nei til opsjonen om kjøp.

Fordelar for kommunen :

- Utgiftsdekning i leigeperioda til å finansiere lån til nybygde bustadar.
- Vedlikehaldsbehovet blir truleg redusert samanlikna med andre kommunale bustadar.
- Kjøp av bustad til ein bestemt husstand åpnar for god behovstilpassing.
- Sal av bustad til husstanden aukar moglegheita for kjøp av ny og tilpassa bustad til ny husstand og/eller frigjer kommunale bustadar til dei som har størst behov for det.

3.1 MÅL

Alle innvandrere i Øystre Slidre skal ha ein god stad å bu. Vanskelegstilte barnefamiljar skal ha høg prioritet i den bustadsosiale handlingsplanen.

4 Skule, barnehage og fritidstilbod for barn og unge

4.1 Skule og barnehage

Hovudmålet i Regjeringa sin integreringsstrategi 2019-2022 «**Integrering gjennom kunnskap**», er høgare deltaking i arbeids- og samfunnsliv. Eit satsingsområde her er utdanning og kvalifisering. Gode ferdigheiter i norsk, utdanning og kunnskap er dei viktigaste reiskapane for å redusere sosiale og økonomiske forskjellar i samfunnet og for å sikre samfunnsdeltaking og redusere utanforskap. Tidleg innsats for barn og unge er sentralt i strategien.

«Tidlig innsats – utdanningsløpet for barn og unge» er eit tema under satsingsområdet utdanning og kvalifisering i integreringsstrategien. Her er målet å gje barn og unge med innvandrarakgrunn gode norskkunnskar, grunnleggjande ferdigheiter og fagleg kompetanse gjennom likeverdige utdanningsløp frå barnehage til og med vidaregåande opplæring. For å oppnå dette målet inneheld strategien to tiltak: «1. *Styrke tidlig innsats for utvikling av norskkunnskaper, grunnleggjande ferdigheter og faglig kompetanse. 2. Øke kompetansen blant ansatte i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring, for å ivareta minoritetsspråklige barn og unge i heile utdanningsløpet*».

Integreringsstrategien slår fast at språkstimulering, sosialisering og annan læring må starte så tidleg som mogleg slik at barn og unge med innvandrarakgrunn vert inkludert og ikkje blir «hengande etter» i utdanningsløpet.

Barnehagen er ein viktig fellesarena for læring og utvikling av språk og sosial kompetanse. Det er viktig å legge til rette for at minoritetsspråklege barn under skulepliktig alder startar i barnehage så raskt som mogleg etter innvandring. I Øystre Slidre får alle barn tilbod om barnehageplass når dei har fylt 1 år. Deltaking i SFO er også viktig for sosialisering og læring, inkludering og utvikling av språk for minoritetsspråklege elevar. Tidleg innsats betyr også å skapa eit inkluderande læringsmiljø slik at alle føler tilhøyrighet og mindre utanforskap.

Regjeringa har innført nasjonal ordning med gratis kjernetid på 20 timar pr. veke i barnehage for barn frå 2-5 år frå familiar med låg inntekt. Det er i tillegg ei nasjonal moderasjonsordning som bidreg til lågare barnehagepris for familiar med låg inntekt. Dette er eit bra tiltak for vanskelegstilte. For barnehageåret 2019/2020 er flyktningfamiliene i Øystre Slidre overrepresentert av dei som har søkt og fått godkjent reduksjon/tilbod etter desse ordningane.

Elevar i skulen med kort butid i Norge er blant dei som har dei svakaste resultatane i norsk skule i dag og dei har også større sjanse for å droppe ut av vidaregåande opplæring. Det er behov for å forbetre tilbodet til ungdom med svake grunnleggjande kunnskar slik at dei har reell moglegheit for å gjennomføre vidaregåande opplæring. Ansvaret for opplæring for unge i alderen 16 til 24 år må klargjerast. Regjeringa vil gje fylkeskommunane eit utvida og meir heilheitleg ansvar for unge frå 16-24 år for å auke moglegheita til å gjennomføre vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen har fått ansvar for tilskotsordninga «Jobbsjansen del B» - meir grunnskuleopplæring for innvandrargdom. Eit tiltak her er kombinasjonsklasser der elevane får meir grunnskuleopplæring, samtidig som dei får kjennskap til og kan forberede seg til kva som forventast i vidaregåande skule.

Andre tiltak for elevar med kort butid i Norge med heimel i opplæringslova:

- **Særskilt språkopplæring**

Dette er ein rett elevar med anna morsmål enn norsk og samisk har, inntil til dei har tilstrekkelege norskkunnskapar til å fylje den ordinære opplæringa i skulen. Det er skuleeigar sitt ansvar å kartlegge språkferdigheitene til eleven og fatte enkeltvedtak om særskilt opplæring.

- Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skule enn den eleven til vanleg går ved. Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan gjevast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg legge til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadane til elevane.

- **Innføringstilbod**

Det kan etablerast eigne klasser både i kommunar og i fylkeskommunar. Delvis integrerte innføringstilbod er mest vanleg i mindre kommunar. Då får elevane opplæring i grunnleggande norsk samtidig som dei fyljer undervisninga i enkelte fag i den ordinære klassa. Det er etablert eit innføringstilbod ved Valdres vidaregåande skule som fleire av våre flyktningar har deltaka på i skuleåret 2018/2019 og 2019/2020. Eit innføringstilbod er eit særskilt opplæringstilbod for nyankomne minoritetsspråklege elevar i eigne grupper, klasser eller skular. Målet med eit innføringstilbod er at elevane så raskt som mogleg skal læra seg tilstrekkeleg norsk til å fylje den ordinære opplæringa i norsk skule og nå kompetansemåla i Kunnskapsløftet.

- **Ekstra år i grunnskulen**

- **Ekstra år med vidaregåande opplæring**

Stortingsmelding nr 6 (2019-2020) «*Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*» omhandlar utfordringar i dagens barnehagar, skular, SFO tilbod og støttesystem saman med regjeringa sine tiltak. Frå innleiinga: «*Alle barn fortjener en god start. Barn og unge skal oppleve å lære, leke, utvikle seg og mestre. Trygge rammer er viktig. Trygge barn som trives, lærer bedre*». Inkludering i barnehage og skule handlar om at alle barn og elevar skal oppleve at dei har ein naturleg plass i fellesskapet. Dei skal føle seg trygge og kunne erfara at dei er betydningsfulle og at dei får medverke i utforminga av sitt eige tilbod. Eit inkluderende fellesskap omfattar alle barn og elevar. Regjeringa er oppteken av at det er eleven sin innsats, engasjement og talent som skal avgjera kor godt dei gjer det på skulen, og ikkje kjønn, bustad, foreldra si utdanning og inntekt eller kva for land foreldra er fødde i.

Det er take grep for å styrke kvaliteten i barnehagar og skuler men det er fortsatt forbettringspotensiale. Stortingsmelding nr 6 (2019-2020) skisserar fleire tiltak som regjeringa vil satse på. Blant anna skal det innførast plikt for kommunane til å vurdere norskkunnskapen til alle barn før skulestart.

Det er nasjonalt eit stort problem at ikkje alle barn og unge får den hjelpa dei treng, tidleg nok eller ikkje i det heile take. Lærarar og andre som arbeider tett på barna og elevane må ha kompetanse til å fylgje opp alle på ein god måte. Regjeringa vil m.a. vurdere korleis alle barnehagar og skuler kan få tilstrekkeleg tilgang til spesialpedagogisk kompetanse og korleis dei kan få tilstrekkeleg tilgang til kompetanse i norsk som andrespråk.

For å kunne trivast og ha best mogleg føresetnadar for å lære og utvikle seg i barnehagen og skulen treng barna og elevane støtte frå foreldra sine. Det er ei forventning frå regjeringa at alle barnehagar og skuler legg til rette for eit godt foreldresamarbeid og møter alle foreldre med respekt for og

anerkjenning av kva dei kan bidra med. Foreldra må få informasjonen dei treng; på eit språk og i eit format dei kan forstå.

Eit godt SFO-tilbod kan bidra til inkludering og til å jamne ut sosiale forskjellar. Regjeringa vil innføre ein nasjonal rammeplan for SFO men som gir rom for lokale variasjonar. Regjeringa ynskjer å innføre ordningar med redusert foreldrebetaling og gratis halvdagsplass i SFO, tilsvarande ordningane i barnehage, for barn av foreldre med låg inntekt. Dette er ei ordning som ikkje er på plass endå.

Utfordringar nasjonalt:

- Det er for mange som «heng etter» i utdanningsløpet og fell frå
- Ein del minoritetsspråklege barn kan ikkje godt nok norsk når dei startar på skulen
- Det er ein sterk samanheng mellom skuleresultat og foreldra sitt utdanningsnivå
- Sosial bakgrunn (bl.a. låg utdanning og inntekt) og manglande norskkunnskapar er viktige forklaringar der skuleresultatet er for dårleg
- Elevar med svakt utgangspunkt frå grunnskulen har lågare sannsynlegheit for å fullføre vidaregåande opplæring.
- Elevar med innvandrarbakgrunn har utfordringar med å få læreplassar
- Blant dei som innvandrar i ungdomsskulealder har berre halvparten fullført og bestått vidaregåande opplæring i slutten av tjueåra
- Det er uklare grenseflater og ansvarsforhold mellom opplæringsloven og introduksjonsloven, noko som fører til at ungdom ofte får opplæringstilbod for vaksne i staden for ordinær utdanning saman med andre barn og unge
- Mangelfull kunnskap om regelverket i kommunane, manglande kompetanse hjå lærarar og skuleleiarar eller manglande eller dårleg kartlegging kan føre til unge får eit dårleg tilpassa opplæringsbehov. Særleg syner det seg at det er manglande kompetanse på korleis ein skal lære bort norsk til elevar som ikkje har norsk som morsmål. (Bl.a. mangel på andrespråkspedagogikk.)
- Ein forholdsvis liten andel av lærarane som underviser elevar med vedtak om særskilt språkopplæring har formalkompetanse til å undervise målgruppa.

Utfordringar i Øystre Slidre kommune:

- Språkutviklinga er ikkje alltid god nok; ikkje alle barna har gått i barnehagen før dei tek til på skulen, barna brukar som oftast morsmålet når dei er heime.
- Mor er ofte fråværande på foreldremøter ol.; far er den som har førarkort og mor må vera heime og passe barna. Far er ofte talspersonen utad.
- Kommunikasjon kan vera ei utfordring
- Forskjell i barneoppseding i Norge og heimlandet. For eks. leggetid.
- Av og til er det vanskeleg å få barna til å møte opp i barnehagen dersom ein av foreldra er heime.
- Det kan vera krevjande å tilby morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Det er viktig å ha tilsette som kan morsmålet godt, eit godt grunnlag i norsk og at dei har pedagogisk erfaring/utdanning. Øystre Slidre har elevar med minoritetsbakgrunn frå mange forskjellige land.
- I skule-heim samarbeidet er det stort behov for tolk. Det er viktig å sikre ei felles forståing om forventingane skulen har til heimen og kva forventingar foreldra har til skulen.
- Det er krevjande å halde seg oppdatert om dei forskjellige kulturane eleven kjem i frå. Det er viktig å ha nok kunnskap om dette for å kunne møte eleven der han/ho er og legge til rette for eleven.
- Det er ikkje gode nok kartleggingar for elevar med andre morsmål enn norsk for å avdekke om det er behov for spesialundervisning.

4.1.1 MÅL

Alle barn skal oppleve læring, lek, utvikling og meistring uavhengig av kjønn, bustad, foreldra si utdanning og inntekt eller kva for land foreldra er fødde i.

4.2 Fritidstilbod for barn og unge

Kommunane mottok integreringstilskot for dei flyktningane dei buset. Integreringstilskotet skal bidra til å gje ei rimeleg dekning av kommunen sine utgifter til blant anna kultur- og ungdomstiltak for barn og unge i flyktningfamiliar.

Statistikk syner at barn i familiar med god råd deltek oftare i organiserte fritidsaktivitetar enn barn i familiar med dårleg råd. Familiar med innvandrarbakgrunn og einslege forsørgjarar er overrepresentert blant hushaldningar i vedvarande låginntekt. Nasjonalt var det i 2018 57,2% av alle barn i låginntektsfamiliar som var barn med innvandrarbakgrunn. Tiltak for å få desse barna med på aktivitetar kan vera hjelp til transport, dekning av medlemsutgifter, treningsavgift osv. Det er ein viktig verdi i samfunnet at alle får delta i sosiale fellesskap og aktivitetar. Barn som veks opp i fattigdom eller som blir hindra av andre årsaker til delta sosialt, opplever mykje einsemd.

Øystre Slidre kommune har eit breidt tilbod til barn og unge gjennom kulturskulen. Det ligg føre ei ordning for reduksjon av deltakaravgift. Fritidsklubben er eit tilbod som ikkje medfører store utgifter for deltakarane. På «stølsveko» er et tilbod om gratisplassar for dei som treng det. Utstyrssentralen i Øystre Slidre tilbyr lån av utstyr til varierte aktivitetar både sumar og vinter. Dette er eit samarbeidstiltak mellom Arbeid og aktivitet (Skogprodukt) og Frivilligsentralen i kommunen. Skular/barnehagar, lag og organisasjonar, familiar og enkeltpersonar kan låne sports- og friluftsutstyr gratis. Dette tilbodet har bidrage til at barn og unge i våre flyktningfamiliar i større grad enn elles har kunna delta på ein del aktivitetar. Flyktningfamiliar frå Øystre Slidre har deltaka på ferieopphald på «Merket» i Nord-Aurdal. Frisklivssentralen har tilbod om treningskontakter. Fleire av våre flyktningar har fått dette tilbodet. Kommunen utbetalar tilskot til ei rekke lokale lag og organisasjonar som har tilbod for barn og unge.

Kommunestyret i Øystre Slidre gjorde slikt vedtak i kommunestyresak 55/19 «Barnefattigdom – deltaking i fritidsaktivitetar»:

1. Kommunestyret ber rådmannen i samband med økonomiplan 2020-2023 utarbeide ein justert ordning for redusert foreldrebetaling i kulturskulen ved å heva innslagspunkt for inntekt som gjev redusert betaling.
2. Kommunestyret ber rådmannen vurdere ein støtteordning for låginntektsfamiliar eller ein sum til lag og foreiningar i økonomiplan 2020-2023 for dekning av medlemsavgift, treningsavgift mv for barn og unge frå låginntektsfamiliar. Tilbodet skal bli informert til alle familiar på starten av kvart skuleår.


Ang 1

Ved oppstart av kulturskuleåret 2020-21 er det etablert ei ordning for redusert foreldrebetaling der innslagspunkt for inntekt er meir lik nivået som gjeld for redusert foreldrebetaling i barnehagane.

Ang 2

Rådmannen legg i økonomiplanen for 2021-2024 fram forslag om at kommune, lag og foreningar oppmodast til å nytte sentrale ordningar som støtter oppunder deltaking på fritidstilbod.

Låginntekt (hushaldingar eksklusiv brutto finanskapital over 1 G) 0-17 år. EU 60. I prosent



Kjelde: Folkehelseinstituttet, . Kommunehelsa

Dette diagrammet syner andel barn mellom 0-17 år som bur i hushaldningar med inntekt under 60 % av kommunal og fylkeskommunal medianinntekt, utrekna etter EU-skala. I 2017 er denne andelen på 7,6% for Øystre Slidre. Det er det høgste nivået kommunen har hatt og pila peikar oppover. Vi ligg under både Oppland og landet, men dette er likevel ein stor andel som vi må ha fokus på framover. Vi har ikkje oversikt over kor stor del flyktningbarna utgjør av den totale andelen, men det er indikasjonar på at dette gjeld dei aller fleste. For barnehageåret 2019/2020 er den samla inntektsgrensa i familien for å få redusert betaling i barnehagen/gratis kjernetid på kr 574.750,- Dette er ei inntekt som det er vanskeleg å koma opp i for våre flyktningfamiliar.

«Fritidserklæringen» er ei avtale mellom staten, KS og representantar for dei mest sentrale frivillige organisasjonane. Avtala vart inngått i 2016 og bygger på FN sin konvensjon om barnet sine rettigheter til fritid og leik og til å delta i kunst og kulturliv. Fritidserklæringen har som mål at alle barn, uavhengig av foreldra sin sosiale og økonomiske situasjon, skal ha moglegheit til å delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet saman med andre barn. Organisasjonar, klubbar, lag og foreiningar er viktige arenaer for samvær med andre unge. For å oppnå Fritidserklæringa sitt mål, må kommunen arbeide tett med frivillige lag og organisasjonar. Ei lokal fritidserklæring kan bidra til eit sterkare fokus og auka engasjement i arbeidet med å inkludera barn og unge i fritidsaktivitetar. KS har oppretta nettverket «Aktiv fritid» for å leggje til rette for at kommunar og fylkeskommunar kan dele gode erfaringar og saman utvikle nye måtar å sikre at fleire barn og unge får tilbod om organiserte fritidsaktivitetar.

Strategien «Barn som lever i fattigdom» er ein viktig del av samarbeidsavtala om «Fritidserklæringen». Den nasjonale tilskotsordninga for inkludering av barn i låginntektsfamiliar er eitt av fleire tiltak i regjeringa sin strategi for å nå målet til regjeringa om at alle barn, uavhengig av foreldra sin økonomi, skal ha moglegheit til å delta jamleg i minst ein organisert fritidsaktivitet saman med andre. I denne tilskotsordninga er det mogleg for offentlege instansar, private aktørar og frivillige organisasjonar å søka om midlar.

4.2.1 MÅL

Alle barn og unge i Øystre Slidre skal, uansett bakgrunn, få delta på minst ein fritidsaktivitet, slik som intensjonen til Fritidserklæringa er.

5 Utdanning og kvalifisering

Dette temaet omhandlar vaksne flyktingar og andre innvandrarakar.

Integreringsstrategien for 2019-2022 har høgare deltaking i arbeids- og samfunnslev som hovudmål. Eit av innsatsområda er utdanning og kvalifisering. Bete utdanning og kvalifisering vil bidra til å tette det kompetansegapet som fører til at mange innvandrarakar står utanfor arbeids- og samfunnslev.

Alle flyktingar som blir busett, og som har rett og plikt til introduksjonsprogram etter introduksjonsloven, skal på bakgrunn av tidlegare skulegang og erfaring, bli tilbydt eit individuelt tilpassa kvalifiseringsløp som raskast mogleg fører til arbeid eller studiar. Kommunane har plikt til å tilby norskopplæring innan tre månader etter busetjing. Alle som bur i Norge må kunne prate og forstå norsk. Dette er ein føresetnad for deltaking i samfunns- og arbeidsliv og for den enkelte si friheit og sjølvstendigheit. Kvar enkelt deltakar på introduksjonsprogram har rett til ein IP, dvs. individuell plan. Dette er ei plan som skal innehalda yrkesmål, opplæringstiltak og andre arbeidsfremjande aktivitetar. Planen skal følgast opp jamleg og vera eit styringsdokument for kvalifiseringa.

Retten og plikta til introduksjonsprogram gjeld for personar mellom 16 og 67 år. Det er obligatorisk for alle å gjennomføre 600 timar opplæring, men deltakarane kan få vedtak om behovsprøvd gratis norskopplæring opptil 3000 timar. Opplæringa må vera gjennomført innan fem år. Det er obligatoriske avsluttande prøver i både norsk og samfunnskunnskap. Vilkåret for å få permanent opphaldsløyve og statsborgarskap er dokumentert gjennomført opplæring og godkjente prøver.

Utdanning er svært viktig for å få eit stabilt og godt fotfeste i norsk arbeidsliv. Mange av flyktingane som blir busette har mangelfull eller ingen grunnskuleutdanning. Desse har rett til grunnskule i Norge. Vegen fram til grunnskuleeksamen er lang for mange. Det er viktig at flyktingane kan bruke den tida som er nødvendig for å gjennomføre grunnskule og vidaregåande skule. I arbeidslivet er det lite jobbar for dei som ikkje har fagutdanning. Dette medfører at mange flyktingar har eit langt utdanningsløp framfor seg for å koma seg inn på arbeidsmarknaden i faste tilsetjingsforhold. Det er mogleg å legge grunnskuleutdanning og vidaregåande skule inn som ein del av introduksjonsprogrammet. Erfaring syner også at innvandrarakar med høg utdanning og kompetanse har utfordringar med å få dette godkjent eller få nødvendig tilleggsutdanning i Norge.

I Livsopphaldsutvalet (NOU 2018: 13) «Voksne i grunnskule- og vidaregåande opplæring — Finansiering av livsopphold», er det forslag om ein ny grunnskulestønad for stønadmottakarakar som ikkje har fullført grunnskule. Dette er tenkt som ein kommunal stønad og det er sett i gang forsøksordningar på dette feltet.

Det vart etablert eit innføringstilbod ved Valdres vidaregåande skule som fleire av flyktingane i Øystre Slidre har deltaka på i skuleåret 2018/2019 og 2019/2020. Dette tilbodet vart avslutta etter skuleåret 2019/2020. Dette var eit reint fylkeskommunalt tilbod – kommunane i Valdres gjekk ikkje inn med delfinansiering. Ein del av elevane frå Øystre Slidre fekk det fyrste året ved vidaregåande skule som ein del av introduksjonsprogrammet. Kommunen hadde oppfølgingsavtale med Valdres vidaregåande skule for elevane i dette tilbodet.

Øystre Slidre kommune har inngått eit samarbeide med Nord-Aurdal kommune om eit tilbod om grunnskuleopplæring for vaksne. Nokre av deltakarane har fått dette som ein del av introduksjonsprogrammet.

Øystre Slidre kommune har i eigen regi arrangert fleire reine norskkurs utanom introduksjonsprogrammet. Desse kursa er tilgjengelege for alle innvandrarak som bur i kommunen. Det er ein føresetnad for deltaking i samfunns- og arbeidslivet at ein har gode norskkunnskapar og gjennom dette tilbodet får personar frå ulike grupperingar ei moglegheit til å bli betre i norsk. Dette tilbodet har også vore tilgjengeleg for næringslivet i kommunen.

I arbeidet med individuelle kvalifiseringsløp skal Arbeid- og velferdsetaten koplast inn. Samarbeidet med Nav er regulert gjennom rundskriv G-27/2017 – «Samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere». Rundskrivet beskriv forplikningar og ansvar for kommunar og Arbeids- og velferdsetaten når det gjeld oppfylgning av deltakarar i introduksjonsordninga. Kommunane i Valdres har gått inn i ei samarbeidsavtale med Nav Valdres om korleis ansvaret i dette arbeidet skal fordelast. Arbeids- og velferdsetaten lokalt (Nav Valdres) har ansvar for å delta i eit samarbeid med kommunen om den enkelte deltakar på eit tidleg stadium av programmet. Nav Valdres har fått positivt svar frå fylkesmannen på søknad om støtte til prosjektet «Målrettet oppfølging av flyktningar». Prosjektet har som mål å kartlegge brukarar i målgruppa, og finne nye arbeidsmetodar og organisering som bidreg til raskare overgang til arbeid/aktivitet.

I integreringsstrategien for 2019-2022 vil regjeringa fornye og forbetra norskopplæringa slik at alle får eit godt grunnlag for læring og for deltaking i arbeids- og samfunnsliv. Høg adekvat kompetanse hjå lærarane ser ut til å gje betre resultat hjå deltakarane (Fafo 2017:31). Øystre Slidre kommune vil vektlegge at dei som skal undervise i introduksjonsprogrammet har «norsk som andrespråk» i utdanninga. Gjennom integreringsstrategien vil regjeringa gjera nokre grep for å auka norsknivået. M.a. auka satsing på kompetanseheving for lærarar, styrke kunnskapsgrunnlaget om kva som verkar best for nyankomne innvandrarak og innføre krav om norsk på eit tilfredsstillande nivå ved å erstatta krav i introduksjonslova om antal undervisningstimar i norsk med meir individuelt tilpassa tilbod.

I integreringsstrategien for 2019-2022 er det skissert fleire hovudgrep for å sikre at innvandrarak får eit stabilt fotfeste i arbeidslivet. Ei av satsingane er å auke og styrke kvalifiserings- og arbeidsmarknadstiltaka. Forsking syner at innvandrarak med låge kvalifikasjonar og svake norskkunnskapar i mindre grad enn andre har nytte av NAV-tiltak. For å lykkast med høgast mogleg sysselsetjing av innvandrarak må dei ulike ordningane sjåast i samanheng. Rett tiltak til rett tid. Det er endringar på gang både i Nav sine opplæringstiltak og lønstilskotsordninga. Fylkeskommunen skal få ei større rolle i kompetansepolitikken. I integreringsstrategien vil regjeringa gjennomføre fleira tiltak.

Regjeringa er i gang med ei omlegging av introduksjonsprogrammet der det er tydelege forventningar til gode resultat. Forslaget til ny introduksjonslov er sendt ut på høyring i 2019. Den nye lova er planlagt å tre i kraft frå 1.januar 2021. Formålet med endringane i introduksjonsprogrammet er å sikre høgare måloppnåing ved overgang til ordinært arbeid og utdanning.

I lovforslaget til ny introduksjonslov er det lagt opp til at introduksjonsprogrammet i større grad skal gje moglegheit for formell utdanning og kompetanse, og meir arbeidsretta tiltak. Programmet skal bli meir målretta enn det er i dag og ha fokus på meir saumlaus kvalifisering. Det skal utviklast "standardiserte elementer" som kan setjast saman til eit heilheitleg program tilpassa den enkelte sitt behov. Personar som treng det, skal få tilbod om fagopplæring og anna formell kompetanse innanfor ramma av introduksjonsprogrammet. Norskopplæringa skal integrerast med fagopplæringa slik at deltakarar i introduksjonsprogrammet kan oppnå eit fagbrev.

Nokre kommunar har erfaring med fireårige løp som kombinerar introduksjonsprogram med fagopplæring. Regjeringa vil gjennom integreringsstrategien vurdere ulike modellar som kombinerar introduksjonsprogram og fagopplæring. Regjeringa har også sett i gang ei utprøving av modulbaserte opplæringstilbod for vaksne der tilboda om grunnskule, ordningar i introduksjonslova og arbeidsmarknadstiltaka blir samordna betre. For at dette skal lukkast må kommunen, opplæringsinstitusjonane og næringslivet ha eit tett samarbeide.

5.1 MÅL:

I Øystre Slidre kommune skal nyankomne innvandrarak få individuelle kvalifiseringsløp som fører mot formell utdanning og varig tilknytning til arbeidslivet.

6 Arbeid og inntektssikring

Det er viktig at fleire kjem i jobb, slik at dei kan forsørgje seg sjølv og ev. familie, og får ta i bruk dei ressursane som kvart enkelt menneske har. Å få foreldre i arbeid, er den beste medisinen mot at barn veks opp i fattigdom.

Arbeidslivet er ein viktig arena for inkludering og integrering. Det er også viktig for eit bærekraftig samfunn at flest mogleg bidreg i arbeidslivet.

Ein god økonomisk politikk og ein god næringspolitikk bidreg til å inkludera fleire i arbeidsmarknaden. Tal frå SSB syner at innvandrarak har lågare sysselsetjing, lågare jobbsikkerheit, høgare arbeidsledigheit og fleire som står utanfor arbeid og utdanning samanlikna med befolkninga elles. Fleire er også deltidstilsette og i korttidsengasjement og har stor risiko for å falle ut att av arbeidslivet.

Graden av sysselsetjing og sjølforsørging varierar mykje mellom ulike grupper innvandrarak. Sysselsetjinga er særleg låg blant flyktningar og kvinner. Flyktningar og familiesameinte har betydeleg lågare grad av sysselsetjing og sjølforsørging enn befolkninga elles. Arbeidsinnvandrarak er i stor grad sysselsett og sjølforsørga. Innvandrarak er sterkt overrepresentert i låglønsyrker og er meir utsett for fysisk og ergonomiske risikofaktorar enn andre. Dette biletet stemmer godt med situasjonen i Øystre Slidre kommunen også. Dei aller fleste får supplerande stønad frå Nav, mange er i låglønsyrker og mange av kvinnene er i fødselspermisjon. Familiene har opptil 5 barn og mange av barna har kome til etter at til dei kom til kommunen.

Ei viktig årsak til lågare sysselsetjing i ein del innvandrargrupper er manglande norskkunnskapar, kommunikative ferdigheiter, svake grunnleggjande ferdigheiter og/eller manglande utdanning. Som det er omtala i kapittelet om utdanning og kvalifisering så vil formell kompetanse styrke jobbmoglegheita for den enkelte. Tiltaka som vert tilbydt i dag er ofte ikkje nok til å tette gapet mellom innvandrarak sine kvalifikasjonar og arbeidsmarknaden sitt behov. Ein del har også helseproblem som begrensar moglegheitene til arbeid og nokon vel å stå utanfor arbeidslivet på grunn av omsorgsoppgåver i heimen. Dei fleste av flyktningane i Øystre Slidre har jobb som det fyrste ønsket sitt og det er ein del som droppar tidlegare ut av introduksjonsprogrammet enn det dei blir tilrådt. Kommunen tilrår ofte derimot at løna arbeid på deltid blir lagt inn som ein del av introduksjonsprogrammet. Det er mange sesongarbeidsplassar i kommunen og mange let seg freiste av det. Nokre av dei får plass i etterkant på norskkurset som kommunen har utanom

introduksjonsprogrammet. Norsk nivået etter avslutta introduksjonsprogram varierar mykje. Det tek mange år å lære seg godt norsk for dei fleste innvandrarak som kjem til Norge.

Norskfødde med innvandrarakforeldre har betydeleg høgare sysselsetjing enn fyrstegongsinnvandrarak og det er mindre forskjell mellom kjønna.

Betre utdanning og kvalifisering er naudsynt, men ikkje tilstrekkeleg for å utjamne forskjellar i arbeidsdeltaking. Det er behov for å stimulere arbeidsgjevarar, fokusere på nedbygging av hindringar og gjennomgå, vidareutvikle og forbetring av andre kvalifiseringstiltak. Arbeidsmarknadstiltaka må i større grad leggest til rette slik at dei kan tette kompetansegapet mellom innvandrarak og befolkninga elles og få fleire i arbeid. I fylgje integreringsstrategien vil regjeringa legge vekt på å samarbeide med partane i arbeidslivet om å fremja mangfald som ressurs for innovasjon, vekst og verdiskaping. Det skal utarbeidast ei eiga handlingsplan mot etnisk diskriminering og det skal gjennomførast eit integreringsløft. Regjeringa har sett i verk ein inkluderingsdugnad for å bidra til at fleire av dei som står utanfor arbeidslivet skal koma over i ordinært arbeid. Med ulike virkemiddel som lønstilskot eller økonomisk støtte til kompetansehevande tiltak, kan arbeidsgjevarar stimulerast til å tilsetja personar som står utanfor arbeidslivet. Tiltak som reduserar arbeidsgjevar sin risiko og meirutgifter ved å ta inn innvandrarak på språk-og arbeidspraksis er viktig.

Regjeringa sin Integreringsstrategi for 2019-2022 har som mål at fleire innvandrarak skal få eit stabilt og godt fotfeste i arbeidslivet. Det er skissert to hovudgrep for å få til dette:

- Stimulera arbeidsgjevarar til auka bevisstheit om mangfald som ressurs.
- Auking og styrking av kvalifiserings- og arbeidsmarknadstiltak.

STIMULERA ARBEIDSGJEVARAR TIL AUKA BEVISSTHEIT OM MANGFALD SOM RESSURS:

Eit arbeidsliv med eit mangfald av menneske med ulik bakgrunn, språkkunnskap og kulturell forståing kan bidra til innovasjon, vekst og verdiskaping. Gevinstane ved auka mangfald er avhengig av at arbeidslivet ser potensialet og legg til rette for at også innvandrarak får brukt si kompetanse og arbeidskraft. For å lykkast med å få fleire innvandrarak inn i arbeidslivet er det nødvendig å aktivisere arbeidsgjevarar og med brubygging inn i arbeidslivet. Diskriminerande forhold ved tilsetjingar må reduserast. I integreringsstrategien vil regjeringa gjennomføre fleire tiltak. M.a.:

- Ta i bruk ny standard for mangfaldsleiing
- Ulike kunnskaps- og informasjonstiltak for auka bevisstheit hjå arbeidsgjevarar
- Ta initiativ til eit samarbeid med partane i arbeidslivet om mangfaldsarbeid, tilgang til praksisplassar og rekruttering av innvandrarak.
- Stimulere til lokalt samarbeid mellom kommunane, frivillige og lokalt næringsliv.
- Bidra til å spreia gode erfaringar og god praksis

AUKING OG STYRKING AV KVALIFISERINGS- OG ARBEIDSMARKNADSTILTAK:

Regjeringa sine forslag til forbetringar i integreringsstrategien under dette punktet, er teke med under kapittel 5 Utdanning og kvalifisering.

Innvandrarak opplever ofte diskriminering i arbeidslivet. NIFU (Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning) har sidan 1972 utført undersøkingar blant kandidatrar frå universitet og høgskular om deira tilpassing på arbeidsmarknaden. Kandidatundersøkinga frå NIFU (NIFU-rapport 2018:22) syner at personar med innvandrarakbakgrunn har større sannsynlegheit for å vera utan relevant arbeid etter fullført grad enn andre og lønsnivået er ofte lågare enn hjå kandidatrar utan innvandrarakbakgrunn.

Eit positivt trekk er at vi ser at antal verksemder som tilset innvandrarak aukar på landsbasis. I følgje SSB var det i 2017 25% av verksemdene som ikkje hadde innvandrarak blant sine tilsette. Ei toppleiarundersøking gjort av IMDI i 2014 blant eit representativt utval av verksemder i Norge syner at ei av fem verksemder har ei målsetjing om å auke andelen innvandrarak blant dei tilsette. Tre av fem leiarar meiner at fordomar blant arbeidsgjevarar er ei viktig årsak til at innvandrarak ikkje får jobb som samsvarar med deira kvalifikasjonar. Like mange meiner at tilsette med innvandrarakgrunn har ein kultur- og språkkompetanse som kjem verksemda til gode.

NOU 2019:7 «Arbeid og inntektssikring - Tiltak for økt sysselsetting» inneheld ei beskriving og vurdering av utvikling i sysselsetjing og bruk av ytingar, inneheld mange forslag for å auke sysselsetjinga og redusere langvarige eller passive stønadsordningar som inntektssikring.

I denne rapporten blir det framheva at tiltak som styrkar dei økonomiske insentiva for arbeid, slik at fleire *vil* jobbe og tiltak som gjer det meir lønsamt å tilsetja arbeidstakarar med helseproblem eller svak kompetanse, slik at fleire *får* jobbe, er viktige.

Dersom ein ikkje er i stand til å livnæra seg gjennom eiga inntekt har det norske velferdssamfunnet ulike former for inntektssikring som bidreg til at alle skal ha eit visst minimum å klara seg med. Ordningane for inntektssikring kan i hovudsak inndelast i helserelaterte ytingar og ytingar som ikkje er helserelaterte, og mellom statlege og kommunale ytingar og blir utbetalt gjennom Nav.

Dei helserelaterte ytingane skal sikre inntekt ved sjukdom eller skade:

- *Sjukepengar* kan ein få i inntil eitt år,
- *Arbeidsavklaringspengar* kan ein få i inntil tre år.
- *Uføretrygd* er ei varig yting.

Alle dei helserelaterte ytingane er statlege folketrygdytingar.

Dei andre statlege ytingane skal sikre inntekt i ei periode for personar som ikkje kan forsørgja seg sjøl gjennom arbeid:

- *Dagpengar* sikrar inntekt ved arbeidsledigheit i maksimalt to år.
- *Tiltakspengar* er ei yting til personar som deltek på arbeidsmarknadstiltak, dersom dei ikkje mottek løn eller anna yting til livsopphald.
- *Overgangsstonad* skal sikre inntekt i ei overgangsperiode for einslege mødre og fedre som har omsorg for små barn.

Dei kommunale ytingane er ytingar til personer som i hovudsak står lenger frå arbeidsmarknaden:

- *Kvalifiseringsstonad* er ein stonad til deltakarar på kvalifiseringsprogram. Kvalifiseringsprogrammet har som formål å kvalifisera personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne til arbeid og varar som hovudregel i inntil to år.
- *Introduksjonsstonad* er ein stonad til deltakarar på et introduksjonsprogram. Deltakarane der er fyrst og fremst nyankomne flyktingar og deira familiesameinte som har behov for grunnleggjande kvalifisering, og dei kan som hovudregel delta i inntil to år. Målet er at dei skal læra seg norsk og koma raskt ut i arbeid eller utdanning.
- *Økonomisk sosialhjelp* er eit siste sikkerheitsnett for personar som ikkje er i stand til å sørge for sitt livsopphald. Sosialhjelp er behovsprøvd. For å få ytinga skal den enkelte fyrst utnytte alle andre moglegheit til inntekt. I utgangspunktet skal sosialhjelp vera for ei kort periode, men det er inga tidsbegrensing for kor lenge ein kan motta ytinga.

Innvandrarar er underrepresentert blant mottakarar av helserelaterte ytingar, men er overrepresentert blant mottakarane av andre ytingar som dagpengar, sosialhjelp, tiltakspengar og overgangsstønad. Det er krav til tidlegare arbeid for å få dagpengar og sjukepengar, men arbeidsavklaringspengar og uføretrygd kan ei få utan å ha vore i arbeid.

Det skal løna seg å arbeide framfor å motta ytingar, og det er viktig at systemet ikkje skapar såkalla «stønadsfeller», der kombinasjonen av ulike ytingar og skatt medfører at stønadmottakarar tenar lite eller til og med tapar på å arbeida.

Regjeringa sitt mål for dei som går på introduksjonsprogram er at 70 prosent av deltakarane skal vera i arbeid eller utdanning eitt år etter avslutta program. For årgangane f.o.m. 2009 ligg denne andelen på mellom 60 og 63 prosent. For Øystre Slidre kommune ligg andelen på ca 72% i perioda 2015-2020.

Integreringsstrategien kjem med forslag om auka satsing på arbeidsmarknadstiltak og meir ressursarr til oppfølging i NAV. Den nye introduksjonslova åpnar for at introduksjonsprogrammet i større grad gjer det mogleg å få formell utdanning og kompetanse og meir arbeidsretta tiltak. Dette vil bidra til å tette kompetansgapet som fører til at mange flyktningar står utanfor arbeidslivet.

I følgje NOU 2019:7 «Arbeid og inntektssikring - Tiltak for økt sysselsetting», så er sysselsetjinga lågare og ledigheita og utanforskapet høgare, for personar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring. Innsatsen må styrkast, både innanfor det ordinære utdanningssystemet og ved bruk av tilpassa ordningar for enkelte grupper. Ekspertgruppa har forslag om å:

- Auke antal læreplassar.
- Vurdere å auke bevillinga til tilskotsordninga for lærlingar med særskilte behov, eventuelt også vurdere andre støtteordningar som kan sikre at elevar med særskilte behov får læreplass.
- Styrke innsatsen for dei elevane som har vanskar med å få grunnleggjande ferdigheiter i grunnskulen, slik at fleire startar i vidaregåande opplæring med eit grunnlag som gjer dei god moglegheit til å kunne fullføre. Forsøk med eit utforskande skuleår etter grunnskulen bør vurderast, men ikkje koma i staden for tidlig innsats.
- Auke bruken av praksisbrev eller lære kandidatordninga som alternativ til fagbrev for elever med svakt grunnlag frå grunnskulen.
- Satse på større differensiering mellom dei som raskt bør starte jobbsøk, og dei som treng meir omfattande kvalifisering i introduksjonsprogrammet. For personar som treng lengre tid enn to–tre år for å få eit utdanningsnivå som gir moglegheit for jobb i Norge, bør varigheita av introduksjonsprogrammet utvidast.

Tiltak som bidreg til å redusere lønskostnadane for personar med låg eller usikker produktivitet, kan føre til at fleire kjem i jobb. Ekspertgruppa frå NOU 2019:7 kjem med forslag om ein betydeleg auke i bruk av lønstilskot for å inkludere fleire i arbeidslivet. For å motverke utilsikta verknadar må tilskotet målrettast mot utsette grupper som har særlege vanskar med å koma i jobb. Lønstilskot bør vera tidsavgrensa. For at arbeidsgjevarar skal tilsetja ein person, må produktiviteten til den enkelte rettferdiggjera løna.

Lågt lønnsnivå vil redusera avstanden mellom løns- og trygdenivået, og det kan bli mindre lønsamt å arbeida samanlikna med å få trygdeytingar. Det kan auka risikoen for at fleire blir ståande utanfor arbeidslivet.

Empiriske studiar finn støtte for at lønstilskotet aukar deltakerane sine jobbmoglegheiter. Ekspertgruppa frå NOU 2019:7 meiner difor at tiltaksinnsatsen bør endrast i retning av auka bruk av

lønstilskot. I dag nyttast arbeidspraksis i større grad enn lønstilskot. Arbeidsgjevar har ingen utgifter til løn og inga forplikting til å tilsetje deltakaren i dette tiltaket. Det bør etablerast tettare kontakt mellom NAV og arbeidsgjevarar, slik at lønstilskot kan knytast meir opp mot rekrutteringsbehovet til bedrifter.

Øystre Slidre har eit næringsliv som ynskjer vekst og utvikling. Reiselivet er ein viktig del av kommunen sitt næringsliv. Reiselivsbransjen har eit kompetansebehov som stemmer godt overeins med flyktningpopulasjonen sin kompetanse. Reiselivet ynskjer også mangfald og ser på seg sjølv som ein god mottakar av personer med flyktningbakgrunn. Dette er eit godt grunnlag for å lykkast med sysselsetting.

6.1 MÅL:

Øystre Slidre kommune skal busetja minst 10 flyktningar i åra som kjem og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning eitt år etter at dei er ferdige med avslutta introduksjonsprogram. Graden av supplerande sosialhjelp skal ikkje vera større enn hjå befolkninga elles.

7 Helse

Det er store helsemessige forskjellar mellom grupper av innvandrarak og mellom innvandrarak og etnisk norske. Forskjellane omfattar både fysisk og psykisk helse i tillegg til helseåtferd. Kommunal kompetanse om helse blant flyktningar og innvandrarak er ein føresetnad for å lykkast med helsefremjande og førebyggjande arbeid. Ulik forståing av sjukdom og helse samt spesielle kulturbestemte og tabubelagde område blant grupper av innvandrarak skapar utfordringar.

Folkhelseinstituttet ga i 2019 ut rapporten «Helse blant innvandrere i Norge». Rapporten er basert på levekårsundersøkinga i 2016. Undersøkinga omfatta innvandrarak frå 12 ulike land. Innvandrarak med vestleg bakgrunn og små innvandrargrupper var ikkje inkludert. Undersøkinga er difor ikkje representativ for innvandrarak i Norge som heilheit. Likevel får vi eit innblikk i korleis det står til med helse, og korleis helse heng saman med andre faktorar, i dei inkluderte gruppene.

I rapporten frå folkehelseinstituttet blir det sett på fylgjande helseindikatorar: eigenvurdert helse, antal helseproblem, nedsett funksjonsevne, rygg- og nakkeplager, psykisk helse, søvnproblem, diabetes, hjarte- og karsjukdomar og overvekt/fedme. I tillegg er det fokusert på tre mål på helseåtferd: alkoholbruk, røyking og fysisk aktivitet. Undersøkinga syner at helse varierar mykje mellom ulike innvandrargrupper, og at samanhengen mellom innvandring og helse er svært samansett.

For dei fleste helseindikatorane kom innvandrarak som heilheit dårlegare ut enn befolkninga elles. Det var samheng mellom **lang butid** og dei fleste helseindikatorane. Lang butid i Norge var forbunde med dårlegare helse. Blant kvinner var andelen som røyker eller drikk alkohol, høgast blant dei med lang butid i Norge, og blant dei som kom til Norge som barn. Andelen menn som var fysisk aktive var høgast blant dei med lang butid i Norge. Mange av innvandrarakane som hadde redusert helse, opplevde dette tidlegare i livet enn personar i befolkninga elles. Fokus på fysisk aktivitet og ernæring blant innvandrarak er viktig.

Blant innvandrarak var samanhengen mellom **utdanning** og helse mindre enn i befolkninga elles. Årsaker kan vera at utdanningsløpet har vorte avkorta ved migrasjon, eller at dei ikkje har fått godkjent eller brukt utdanninga si i Norge. Utdanninga frå utlandet speglar difor ofte i liten grad arbeidsoppgåvene, løna og respekten dei får her i Norge. Andelen som vurderte eiga helse som god, var høgare blant dei som hadde universitetsutdanning og med utdanning frå vidaregåande skule, enn

blant dei med grunnskuleutdanning. Å vera **sysselsatt** var relatert til god helse. Blant innvandrarak var psykiske helseplager, søvnnvanskar, rygg- og nakkeplager, diabetes, hjarte- og karsjukdom og nedsett funksjonsevne meir utbreidd blant dei som ikkje var sysselsett enn blant dei som var det. Inntekt og sysselsetjing påverkar helsetilstanden. Ein fysisk krevjande jobb fører ofte til fysiske helseplager. Samanhengen mellom **alder** og dårleg helse var sterkare blant innvandrarak enn i befolkninga elles for mange av helseindikatorane. Det tyder på at helse blir fortar dårleg med alderen blant innvandrarak enn for andre.

Helserelatert åtferd:

- Røyking

Andelen som røyker var høgare blant menn med innvandrarakgrunn enn blant menn i befolkninga elles. For kvinner med innvandrarakgrunn var andelen lågare enn blant andre kvinner. Menn med lite sosialt nettverk og med dårlege norskkunnskapar hadde ein høgare andel røykarar enn andre innvandrarmenn. Det var stor variasjon i andelen røykarar etter kva for land dei kom frå. Røyking var mest utbreidd blant sysselsette kvinner, mens andelen røykarar var høgast blant ikkje sysselsette menn.

Alkohol

Andelen som drakk alkohol, var lågare i dei aller fleste innvandrarakgruppene enn i befolkninga elles, men i dei fleste gruppene var det ein betydeleg andel som drakk alkohol. Blant kvinner var det ein høgare andel som drakk alkohol blant dei som hadde gode sosiale relasjonar og som var samfunnsengasjerte enn blant andre innvandrarakvinner. I alle innvandrarakgrupper var det ein lågare andel som hadde brukt alkohol enn i befolkninga elles, med unntak av polske menn som drakk omtrent like ofte som menn i befolkninga elles. Det er likevel verdt å merke seg at ein betydeleg andel innvandrarak, også frå land med ein muslimsk majoritet, drikk alkohol. Innvandrarak med høgare utdanning og inntekt hadde oftare drukke alkohol enn andre. Alkoholbruk er sterkt knytt til landbakgrunn, inntekt, utdanning og alder.

- Fysisk aktivitet

Det var ein lågare andel som var fysisk aktive blant innvandrarak enn i befolkninga elles. Blant innvandrarmenn hadde fysisk aktivitet samanheng med gunstige utfall på alle helseindikatorane. Blant innvandrarakvinner hadde fysisk aktivitet berre samanheng med betre psykisk helse. Andelen som var fysisk aktive minst ein gong i veka, var lågare blant innvandrarak enn i befolkninga elles. Blant kvinner var det dei som var sysselsette som hadde høgaste andel fysisk aktivitet.

Helseindikatorar:

- Psykisk helse

Det var ein høgare andel som hadde psykiske plager blant innvandrarak enn i befolkninga elles. Generelt var det ein sterk samanheng mellom opplevd diskriminering og dårleg psykisk helse. Opplevd diskriminering var mest vanleg i samband med jobbsøking, der nesten ein tredjedel av dei som hadde søkt ny jobb, hadde opplevd dette. Andelen som rapporterte om psykiske plager, var dobbelt så høg blant dei som hadde opplevd diskriminering, samanlikna med dei som ikkje hadde opplevd det. Det å føle liten tilhøyring til både Norge og det landet dei kom frå, førte ofte til psykiske plager, medan det å føle tilhøyring til både landa førte ofte til mindre psykiske plager. Blant kvinner hadde dei med lang butid høgare odds for å få psykiske plager. Andelen med psykiske plager var nesten dobbelt så stor blant deltakarane som ikkje hadde sosial støtte, som blant dei som hadde det. Både dei som jobba over 100%

stilling og dei som jobba mindre enn 100% stilling hadde høgare sjanse for psykiske plager enn dei som jobba fulltid.

- **Eigenvurdert helse**
I likheit med befolkninga elles hadde eigenvurdert helse blant innvandrarakvinner samanheng med høgare utdanning, høgare inntekt og lågare alder. Opplevinga av å ha god helse var derimot sterkare knytt til alder blant innvandrarakvinner enn blant befolkninga elles. Gode norskkunnskapar hadde innverknad på betre eigenvurdert helse.
- **Diabetes**
Andelen innvandrarakvinner som rapporterte at dei hadde diabetes var større enn i befolkninga elles og var høgast blant dei eldste deltakarane.
- **Hjarte- og karsjukdomar**
Det var ein høgare andel som hadde hatt hjarte- og karsjukdom blant innvandrarakvinner enn i befolkninga elles. Dei med dårlege norskkunnskapar hadde høgare andel hjarte- og karsjukdom enn dei med gode norskkunnskapar.
- **Rygg- og nakkeplager**
Ein høgare andel blant innvandrarakvinner hadde rygg- og nakkeplager enn befolkninga elles.
- **Nedsett funksjonsevne**
Ein høgare andel innvandrarakvinner rapporterte om nedsett funksjonsevne samanlikna med befolkninga elles.
- **Søvnproblem**
Søvnproblem var vanlegare blant innvandrarakvinner enn i befolkninga elles, spesielt blant dei eldre.
- **Overvekt**
Det var ein høgare andel som hadde overvekt blant innvandrarakvinner enn blant kvinner i befolkninga elles. Kvinner med dårlege og middels norskkunnskapar hadde høgare andel overvekt enn kvinner med gode norskkunnskapar. Menn med dårlege norskkunnskapar hadde også ein høgare andel overvekt enn menn med gode norskkunnskapar. Overvekt var mest utbreidd blant sysselsette menn, men var ikkje relatert til sysselsetting blant kvinner.

Helsa til innvandrarakvinner i Øystre Slidre skil seg ikkje så mykje ut i forhold til det som kjem fram i Folkehelseinstituttet sin rapport. Nokre av flyktningane som bur i Øystre Slidre opplever isolasjon – mange kjem frå store byar. Kommunen har mange arbeidsinnvandrarakvinner og desse har jamt over betre helse enn flyktningane, truleg på grunn av at dei er i jobb. I mange kulturar utanfor Europa er det ikkje vanleg å ta imot psykisk helsehjelp. Det kan difor ofte vera vanskeleg å få dialog om det som blir oppfatta som problemet og om kva som kan vera bra for å få det betre med seg sjølv og livet sitt. Det er etablert rutinar for å melde til barnevernet ved mistanke om vald mot barn og til politiet når det er mistanke om vald blant vaksne. Det blir undervist om vald i nære relasjonar i samfunnsfagtimane i introduksjonsprogrammet.

Øystre Slidre kommune fylgjer den nasjonale vegleiaren «Helsetjenester til asylsøkerer, flyktningar og familiegjenforente» når det gjeld flyktningane som er busett i kommunen. Retten til helsehjelp omfattar både somatisk og psykisk helsehjelp frå kommune- og spesialisthelsetenesta, inkludert hjelp for rusmiddelproblem. I vegleiaren står det at kommunar og helseforetak bør avsetja fagressursar til å arbeida spesielt med likeverdige helsetenester til asylsøkarar, flyktningar og familiesameinte, og det bør etablerast tverrfaglege fagmiljø eller team som tileignar seg kompetanse på feltet. Dette er ikkje minst viktig med tanke på å styrke samarbeidet mellom primær- og spesialisthelsetenesta.

Mange kommunar har gode erfaringar med tverrfaglege flyktninghelseteam, der delar av eller heile stillingar er øyremerka arbeidet med asylsøkarar og flyktningar eller generell *migrasjonshelse*. Det er viktig at slike helseteam er ein integrert del av den samla helse- og omsorgstenesta i kommunen, slik at kompetansa som blir bygd opp ikkje blir for personavhengig.

Når det gjeld **tannhelse** så blir det årleg samla inn data frå alle fylker til KOSTRA-databasen (Kommune-Stat-Rapportering) i Statistisk sentralbyrå, men statistikken inneheld ikkje opplysningar om etnisk bakgrunn.

Personar i fylgjande grupper har rett til naudsynt tannhelsehjelp i den fylkeskommunen der dei bur eller midlertidig oppheld seg, jf. Tannhelsetjenesteloven § 1-3:

- Barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år
- Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- Grupper av eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie
- Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret
- Andre grupper som fylkeskommunen har vedteke å prioritere

Flyktningar, asylsøkarar og familiesameinte som er omfatta av desse gruppene har rett til innkalling og naudsynt tannhelsehjelp frå den offentlege tannhelsetenesta i det fylket dei oppheld seg. For personar som ikkje har rettigheter til tannhelsehjelp i den offentlege tannhelsetenesta, blir det gjeve stønad til tannbehandling etter bestemmelsane i lov om folketrygd § 5-6 og forskrift om stønad til dekning av utgifter til undersøking og behandling hjå tannlege. Dersom pasienten ikkje er i stand til å betala for behandlinga sjølv, kan det søkast om stønad til tannbehandling hjå Nav.

I ein artikkel frå NRK Troms og Finnmark – «Noen er vant til å bruke trepinner til tannpussen», bekreftar ein tannpleiar at kunnskapen om tannhelse er dårleg blant flyktningar og at dei generelt har dårlegare tannhelse enn den norske befolkninga. I Øystre Slidre opplever vi at dei fleste flyktningane har dårleg tannhelse når dei kjem hit, både vaksne og born. Det blir fort store rekningar berre for å rette opp det mest naudsynte hjå tannlegen. Dei fleste vaksne får dekka dette gjennom Nav.

Øystre Slidre har pr. i dag ingen stillingar øyremerka for innvandrarar innan helse. Det er viktig å få ei tidleg avklaring på eventuelle oppfølgingsbehov. Dette er særleg viktig når det gjeld den psykiske helsetilstanden og eventuelle utfordringar dette medfører.

7.1 MÅL

I Øystre Slidre skal helse til våre innvandrarar vera på linje med innbyggjarane elles.

8 Møteplassar og fritidsaktivitetar

Deltaking i eit fellesskap er med å bidra til ei god integrering og førebygging av utanforskap.

Å føle tilknytning til lokalsamfunnet er forbunde med å ha eit lokalt sosialt nettverk og å vera med på arrangement og ting som skjer i kommunen. Kommunen kan ikkje stå ansvarleg åleine for at innvandrarak får ein god start i lokalsamfunnet. Det har alle innbyggjarane eit ansvar for, som enkeltindivid og som samfunn. IMDi argumenterar for at frivilligheit er viktig for integreringsprosessen av fleire grunnar. Det kan skapa tillit og gje følelse av tilhøyrigheit, det er ein føresetnad for et velfungerande lokaldemokrati, og det har ei rekke positive effektar på folkehelsa gjennom å førebyggje fysiske og psykiske sjukdomar. (IMDi, 2014).

Barn med innvandrarbakgrunn er sterkt overrepresentert i hushaldningar med vedvarande låginntekt. Kombinasjonen av låg arbeids- og samfunnsdeltaking, diskriminering og dårlege levekår, er til hinder for deltaking i fritidsaktivitetar. Dette kan føre til segregering og utanforskap.

Regjeringa sin integreringsstrategi for 2019-2022 har definert ei målsetjing innanfor temaet *kvardagsintegrering*. Det er at innvandrarak skal oppleva auka tilhøyrigheit og deltaking i samfunnet. Eit grep for å få til dette er å motverke segregering, fremja felles møteplassar og forståing for grunnleggjande verdiar og normer i det norske samfunnet.

Kvardagsintegrering skjer der folk møter kvarandre i små og store fellesskap. Dvs. på arbeidsplassen, i barnehage og skule, i bu- og nærmiljø, i kulturlivet, gjennom engasjement i frivillige organisasjonar og anna. Sosiale mediar er også viktige møteplassar, særleg for barn og unge. Kvardagsintegrering krev innsats frå innvandrarane sjølv og frå dei som er i miljøet rundt. Kvardagsintegrering handlar om å skape tillit, tilhøyring, nettverk og deltaking.

Manglande førarkort og bil kan by på utfordringar for å delta på ulike aktivitetar i kommunar som Øystre Slidre. Med lenger butid i kommunen ser vi at dei fleste klarar å skaffe seg sertifikat og bil. Frivillige på frivilligsentralen i Øystre Slidre og andre frivillige bidreg med øvingskøyring. Språkutfordringar, mangel på informasjon eller vanskelig tilgjengeleg informasjon, manglande tilgang til barnevakt og økonomi er andre faktorar som hindrar deltaking i frivilligheit og kulturelle aktivitetar.

Møteplassar initiert av kommunar/fylkeskommunar er andre type lokale møteplassar. IMDi har utarbeida dokumentet «*Gode råd til utvikling av lokale møteplassar*». Ein møteplass er etter deira definisjon: «*en organisert tilrettelegging for dialog og samhandling mellom representantar for innvandrerbefolkningen og lokale myndigheter*». Innvandrarråd/flyktingråd, kontaktutval, dialogforum er eksempel på slike modellar som er i bruk i norske kommunar.

Mange frivillige organisasjonar og privatpersonar arbeider aktivt for å fremja integrering av innvandrarak. Språkkafear, sosiale treff i nærmiljøet, utlån av utstyr til fritidsaktivitetar, mentorordningar, flyktingguide-ordningar og gratis aktivitetstilbod til barn og unge er eksempel på tiltak som har til hensikt å senke terskelen for deltaking i samfunnslivet.

«*Kultur og frivillighet som integreringsarena*» - ein rapport frå Vestnes kommune, tek for seg innvandrarak si deltaking i frivilligheit og lokale møteplasser. Rapporten er utarbeida av Likestillingscenteret KUN som jobbar for inkludering og mot diskriminering i Norge og internasjonalt. For mange innvandrarak skjer det fyrste møtet med frivillige gjennom målretta integreringstiltak som språkkafè, leksehjelp eller flyktingguide. Med lengre butid i kommunen aukar sjansa for at innvandrarak melder seg inn i lokale frivillige organisasjonar som medlemar. Organisasjonar som har

flest medlemmar med innvandrarbakgrunn er religiøse organisasjonar, fagforeiningar og idrettslag (IMDi, 2014).

Frå rapporten frå Vestnes les vi at mange innvandrarak brukar mykje tid på biblioteket. Dette er ein unik møteplass. Sitat frå innvandrarak: *«Det er åpent for alle, du trengjer ikke kjøpe noe, ingen spør hvor lenge du skal være der. Biblioteket er ikke bare lavterskel, men terskelfritt.»*

Dersom frivilligheita skal fungere som ein integreringsarena kan det vera behov for spesiell kompetanse og støtte frå kommunen i fylgje rapporten frå Vestnes kommune. Kurs i mangfald og rekruttering kan vera gode tiltak. Rapporten foreslår at Frivilligsentralen kan brukast som tilretteleggar og bindeledd mellom frivilligheita og dei ulike kommunale einingane der informasjon om kulturtilbod og frivilligheit skal spreia. Dette er spesielt aktuelt for skule, barnehage, vaksenopplæring, bibliotek og kulturskule.

For både bibliotek, kulturskule og frivillige organisasjonar er det naudsynt å tilpassa tilbodet til ein mangfaldig befolkning. Her vil brukarmedverknad kunne gje verdifulle innspel til korleis ein bør legge opp aktiviteter, innhald og møteformer som blir opplevd som inkluderande for ulike grupper

Frivilligsentralen i Øystre Slidre tilbyr ei rekke aktivitetar som flyktingane kan delta på som babytreff, trimgrupper, kafé. Øystre Slidre kommune har mange uformelle møteplassar som friluftsområdet Furustrand, leikeplassar, idrettsanlegg og turområder. Dei kommunale tilboda i kommunen er i kulturskulen, ungdomsklubben, biblioteket og språkkafé. I tillegg har lag og organisasjonar ei rekke tilbod i kommunen.

Barn i flyktingfamiliane i kommunen deltek på fotball, karate, dansing, turn og allidrett. Nokre av dei vaksne mennene deltek på innebandy. Derimot er det ingen idrettsaktivitetar der damene deltek. Det er behov for tilrettelagt trimtilbod for damer. Røde Kors har hatt tilbod om kurskveldar i dyrking av grønnsaker og matlaging. Dei har også arrangert jentekveldar og akedag for familien. Desse tilboda har vore populære hjå damene i flyktingfamiliane. I Øystre Slidre kommune blir biblioteket brukt av innvandrarak til ma. bruk av PC/utskrift. I tillegg blir det brukt som møteplass for norsktimar og samtaleimar. Biblioteket har også ei avis «UTROP» som er ei avis med nyheiter spesielt retta mot innvandrarak. Integreringskonsulenten i kommunen formidlar informasjon til flyktingane om aktuelle tilbod som finst i kommunen.

I rapporten frå Vestnes kommune er det fleire som tek til orde for at det er nødvendig å legge til rette dei kommunale tenestene og integreringsarbeidet for familieinnvandrarak og arbeidsinnvandrarak i større grad enn det blir gjort i dag. Desse gruppene er mindre synlege enn flyktningane og har færre konkrete rettigheter knytt til sin innvandrarakstatus. Dei fell difor lett utanfor og blir vanskelegare å nå som gruppe.

Statistikk frå SSB syner at det er ei overvekt av menn som deltek i frivillige organisasjonar, og flest kvinner som deltek på kulturelle aktivitetar, både blant nordmenn og innvandrarak. Søyholt, Tronstad og Vestby, 2015, meiner at det kan vera andre hindringar for deltaking i frivillige organisasjonar blant innvandrarak enn berre vanskelege levekår. Manglande forståing for kvifor deltaking er viktig av sosiale årsaker og kulturelle normer for foreldreskap som avvik frå det norske konseptet om å «følge opp ungane» er nemnt. I rapporten frå Vestnes kommune nemner fleire at mangel på barnevakt er ein grunn til at dei ikkje er så aktive utanfor heimen som dei skulle ynskje. Forsking på frivillig innsats i Norge, peikar på at deltaking i frivillighet blant dem som har barn er på 72 prosent, mot 56 prosent av dei som ikkje har barn (Folkestad et al, 2015).

Ein rapport frå Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor - «Organisasjonsengasjement blant innvandrarak», syner at mange innvandrarak er aktive i frivillig aktivitet, men at deltakinga er lågare enn i befolkninga elles. Innvandrarak som har kontakt med majoritetsbefolkninga og deltek i organisasjonar har mykje større sjanse for å være i jobb enn innvandrarak utan nettverk (Søyholt, Tronstad og Vestby, 2015).

I integreringsstrategien for 2019-2022 vil regjeringa fremja respekt for likeverd og toleranse for mangfald. Samfunnet bygger på nokre felles grunnleggande verdiar som demokrati, rettsstat og menneskerettigheter. Alle som bur og veks opp i Norge skal ha eit nærmiljø som innbyr til deltaking og som gjer trygghet i kvardagen.

Regjeringa vil styrke frivillige organisasjonar sine rammevilkår generelt og frivillige organisasjonar som gjer ein sær innsats for sosial integrering i det norske samfunnet, spesielt. For å motverke segregering og gje betre moglegheiter for barn med innvandrarakbakgrunn, er det avgjerande at innvandrarak så tidleg som mogleg blir kjent med grunnleggande normer og verdiar i det norske samfunnet, forventningar til foreldrerolla, og kva for tilbod som finst for barn, unge, foreldre og familiar. Her kan barnehage/skule, kulturskule, frivilligsentral og flyktningtenesta utveksle nyttig informasjon. Regjeringa vil difor legge til rette for felles møteplassar, der menneske kan møtast uavhengig av bakgrunn. Innsatsen skal motverke segregering og fremja forståing for grunnleggande verdiar i det norske samfunnet.

Regjeringa foreslår slike konkrete tiltak:

- Alle barn skal få moglegheit til å delta i minst ein fritidsaktivitet (Sjå om Fritidserklæringa side 18)
- Styrking av nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom. (Ferie- og fritidsaktivitetar)
- Styrke barnehage og skule som inkluderingsarena for både barn, unge og foreldre.
- Bidra til at skulane sikrar auka deltaking for elevar med innvandrarakbakgrunn på aktivitetar og turar i regi av skulen.
- Bidra til at nyankomne flyktningar og andre innvandrarak får auka grunnleggjande forståing for det norske samfunnet.
- Innføre foreldrerettleiing som ein obligatorisk del av introduksjonsprogrammet
- Andre foreldrestøttande tiltak for foreldre med innvandrarakbakgrunn
- Styrke samarbeidet med idretten, frivillige organisasjonar, kulturlivet, trussamfunn og sosiale entreprenørar for å legge til rette for møteplassar som tek omsyn til mangfald.
- Sørge for tilskotsordningar til mangfald, inkludering og integreringstiltak.

- Styrke frivillige organisasjonar sine rammevilkår. Barne- og ungdomsaktivitetar er særleg prioritert.
- Styrke mangfaldsarbeidet i kulturlivet og auke inkluderinga av innvandrarar.
- Legge fram handlingsplan mot rasisme, etnisk og religiøs diskriminering (2019)
- Tiltak for å styrke foreldresamarbeidet i skule og barnehage.

8.1 MÅL

Alle barn i Øystre Slidre kommune skal få delta på minst ein fritidsaktivitet. Øystre Slidre kommune vil ha eit nært samarbeid med idretten, frivillige organisasjonar, ressurspersonar, kulturlivet, trussamfunn og andre sosiale entreprenørar for å legge til rette for møteplassar som tek omsyn til mangfald.

9 Informasjon og haldningsskapande arbeid

Informasjon og haldningsskapande arbeid er viktige tema både når det gjeld innvandrarane og samfunnet elles. Det er behov for tiltak for auka toleranse, auka kunnskap om kulturforståing og evne til å sjå nye løysingar for at innvandrarane skal bli integrert på ulike arenaer. Når informasjon skal ut til innvandrarane er det viktig å vera bevisst på m.a. forskjellane i kultur og normer og verdier. Haldningsskapande arbeid er eit stort og langsiktig arbeid som krev vilje til forandring frå alle partar. Dette stiller krav til samfunnet om å godta mangfaldet i befolkninga og sjå moglegheiter for kulturell utvikling og nye løysingar på samfunnet sitt behov for arbeidskraft. Ei vellykka integrering krev engasjement og vilje både frå innvandrarane og samfunnet elles i forhold til tilpassing, endring og forståing for kulturforskjellar. Tovegs kulturveksling er viktig for å forstå kvarandre.

For å motverke segregering og betre moglegheiter for barn med innvandrarbakgrunn er det avgjerande at innvandrarar så tidleg som råd blir kjent med grunnlegganda normer og verdier i det norske samfunnet, forventningar til foreldrerolla og kva for tilbod som finst for barn, unge, foreldre og familiar. ICDP (International Child Development Programme) er eit program som har som mål å styrke omsorgen og oppveksten for barn og unge. I nokre kommunar er dette verktøyet nytta i introduksjonsprogrammet.

Kommunikasjonslæra sin klassiske kommunikasjonsmodell består av **ein avsendar** som har **eit bodskap** han vil formidle. Bodskapet må formidlast gjennom **ein kanal** til **ein mottakar**. Mottakaren **oppfattar og tolkar** bodskapet og kan gje **ei tilbakemelding**. Dialog er viktig for å forsikre seg om at bodskapet har vorte forstått av mottakaren. For å kommunisere må vi ta omsyn til at mottakaren kan ha andre oppfatningar og haldningar enn våre eigne. Mottakaren oppfattar bodskapet ut frå sine føresetnadar. Ein vellykka kommunikasjon tek i størst mogleg grad omsyn til mottakaren sin situasjon og korleis han sannsynlegvis kjem til å oppfatte bodskapen. I ein god muntleg kommunikasjon tek vi oss tid til å høyre tilbakemeldinga, gjera justeringar i våre val og forsikre oss om at bodskapen er oppfatta slik det var tenkt. Dette er viktig kunnskap å ta med seg i kommunikasjonen med innvandrarane. IMDI har utgjeve ei handbok: «VI og DE- en håndbok om kommunikasjon på tvers av kulturer». Denne handboka inneheld mange interessante betraktningar når det gjeld utfordringar i kommunikasjon med innvandrarar.

Ved formidling av informasjon frå det offentlege, er bruk av tolk og informasjonsmateriell på morsmålet til innvandrarane viktige tiltak for å sikre at informasjonen når fram.

«Å være innvandrere kan være som å leve med en form for psykisk skade, i savn og sjokk over at din gamle verden har forsvunnet. For å komme seg ovenpå, er det nødvendig å erkjenne verdiene i det nye hjemland, skriver artikkelforfatteren, som er oversetter og innvandrere fra Sør-Afrika».

(Kronikk i Aftenposten 19. januar 2005 av oversetter Alison Olsen)

Det er viktig med god informasjon og haldningsendringar på mange område. Nedanfor er det teke med nokre område som ein bør ha særleg fokus på.

Demokratisk forståing er ein grunnleggjande verdi som er viktig for å bevara tilliten i befolkninga, både til kvarandre og til det offentlege. (Integreringsstrategien 2019-2022). Informasjon og haldningsskapande arbeid er viktige satsingar både overfor innvandrere og i nærmiljøet for å auka den demokratiske forståinga for at det er lov for alle å uttala seg, vera ueinige og å finne gode løysingar i saman.

Det å få beskyttelse i Norge betyr å få **rett til å leve eit fritt liv**. Vald og overgrep, kontroll og tvang i nære relasjonar er utfordringar som er aktuelle innanfor m.a. likestilling og folkehelseområdet. Ulikt syn på kjønnsroller, ekteskap, seksualitet, barneoppseding og aksept for ulike seksuelle legningar har relevans for retten til å leva eit fritt liv i Norge. (Integreringsstrategien) Negativ sosial kontroll finn vi i miljø der ære og skam står sentralt. Oppslutning og informasjon om grunnleggjande verdiar og normer som menneskerettigheter og likestilling er avgjerande for å lykkast med å førebygge negativ sosial kontroll. Tilsette innanfor helsetenestene har ofte for liten kunnskap om skam- og æreskultur og negativ sosial kontroll. Dei som er utsatt for overgrep og anna negativ kontroll har oftast ikkje god nok kjennskap til dei hjelpetiltaka som finst. Sentralt i det førebyggjande arbeidet for å hindre negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting er regjeringa si handlingsplan «*Retten til å bestemme over eget liv*» (2017-2020). Handlingsplanen inneheld mange tiltak for å styrke rettsvernet og hjelpa til den som blir ramma, endring av praksis og haldningar i dei aktuelle miljøa, og styrking av kunnskapen i tenestetilbodet og forskinga på feltet. «*Opptappingsplan mot vold og overgrep*» (2017-2021) er andre førande satsingar frå regjeringa.

Innvandrere er i større grad utsett for **hatkriminalitet og diskriminering** enn andre. I fylgje Likestillings- og diskrimineringsombudet er eit fleirtal av hatytringane i sosiale mediar retta mot muslimar og innvandrere. Det er godt dokumentert at innvandrere opplever diskriminering på arbeidsmarknaden og i bustadmarknaden. Informasjon og haldningsskapande arbeid er viktig for å redusera fordommar og diskriminering.

Det er viktig å drive førebyggjande arbeid mot ulike former for framtidig **radikalisering og utvikling av valdeleg ekstremisme**. Politiet og PST har ei viktig rolle i det førebyggjande arbeidet. Kunnskap om demokrati, valfriheit, toleranse og respekt for mangfald er mekanismar som verkar beskyttande mot radikalisering. Dette stiller m.a. krav til informasjon og haldningar.

Mange familiar med innvandrerbakgrunn har liten kunnskap om **barnevernet** si rolle og oppgåver og tilliten til barnevernet er låg. Innvandrerbarn har fleire barnevernstiltak enn andre barn når det gjeld hjelpetiltak og omsorgstiltak. Råd og vegleiing er eksempel på hjelpetiltak. Det er behov for informasjon og haldningsskapande arbeid for å auka tilliten til barnevernet.

Øystre Slidre kommune la stor vekt på integreringsarbeidet når den førre flyktingestraumen i 2015 kom. Stor aktivitet knytt til grendemøter og samarbeid med frivillige prega perioda. Dette er gode tiltak både innanfor informasjon og haldningsskapande arbeid som blir viktig å revitalisera og særleg no når vi skal busetja nye flyktingar. Prosjektet «Innovasjon, busetting og næringsutvikling» har som målsetting å auka innbyggartalet i kommunen. Prosjektet ser på deltidsinnbyggjarar, gjestearbeidarar og flyktingar som ønska innbyggjarar og ressursar til vidare utvikling til beste for kommunen og innbyggjarane som bur her. Dette vil stille krav til at kommunen, næringslivet og arbeidstakarane inngår eit meir forpliktande samarbeid og bidra positivt innanfor haldningsskapande arbeid.

9.1 MÅL

I Øystre Slidre kommune skal integreringsarbeidet vera prega av haldningsskapande arbeid og informasjon for å forhindre segregering.

- Informasjonsmateriell skal så langt råd er vere tilgjengeleg på morsmålet til flyktningane
- Det skal bli etablert samarbeid mellom arbeidstakar, arbeidsgjevar og kommunen med forpliktande avtaler som gjer arbeid til minimum 2 arbeidstakarar årlig i kommunen eller hos en privat bedrift.

Kjelder

Stortingsmelding nr 30 (2015-2016) «Frå mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk»

Kunnskapsdepartementet: Regjeringens integreringsstrategi 2019-2022 «Integrering gjennom kunnskap»

Proba samfunnsanalyse, rapport 2019-003 «Hvordan måle integrering»

Stortingsmelding nr 6, 2012-2013 «En helhetlig integreringspolitikk»

Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014-2020) «Bolig for velferd»

Resultatrapport 2018 frå Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid «2014-2020) «Bolig for velferd»

Veiviseren.no – steg for steg veiledning på det boligsosiale området

Stortingsmelding nr 6 (2019-2020) «Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO»

«Fritidserklæringen» - en avtale mellom staten, KS og frivilligheten inngått i 2016

Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet: Regjeringens strategi mot barnefattigdom 2015 – 2017 «Barn som lever i fattigdom»

NOU 2018:13 «Vaksne i grunnskole- og videregående opplæring-Finansiering av livsopphold»

Justis- og beredskapsdepartementet: Rundskriv G-27/2017 –«Samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere»

Fafo 2017:31 «Introduksjonsprogram og norskopplæring - Hva virker- for hvem?»

Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) rapport 2018:22 «Kandidatundersøkelsen 2017: Relevansen av masterutdanningen»

NOU 2019:7 «Arbeid og inntektssikring – Tiltak for økt sysselsetting»

FHI rapport 2019: «Helse blant innvandrere i Norge».

Helsedirektoratet. Nasjonal veileder: «Helsetjenester til asylsøkere, flyktninger og familiegjenforente»

IMDI 2014: «Frivillighet og mangfold» - Veileder i mangfoldsarbeid for kommuner og frivillige organisasjoner

IMDi: «Gode råd til utvikling av lokale møteplassar»

Vestnes kommune/Likestillingscenteret KUN: «Kultur og frivillighet som integreringsarena»

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor: «Organisasjonsengasjement blant innvandrere»

IMDI: «VI og DE» – En håndbok om kommunikasjon på tvers av kulturer

Justis – og beredskapsdepartementet: «Retten til å bestemme over eget liv». Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse. (2017-2020)

Barne- og likestillingsdepartementet: «Opptappingsplan mot vold og overgrep» (2017-2021)

NRK Troms og Finnmark, en artikkel: «Noen er vant til å bruke trepinner til tannpussen»